




Fjord
kommune



ÅRSMELDING 2021

Innhald

Innleiing.....	4
1. Økonomisk handlevne over tid	5
1.1 Driftsrekneskapen	5
1.2 Investeringsrekneskapen.....	6
1.3 Finansielle måltal.....	6
1.3.1 Netto driftsresultat.....	6
1.3.2 Gjeldsgrad.....	7
1.3.3 Disposisjonsfond.....	8
2 Vesentlege avvik.....	9
2.1 Vesentlege avvik DRIFT.....	9
2.2 Vesentlege avvik INVESTERING	13
3 Måloppnåing / Ikkje-økonomiske forhold	14
3.1 Utvikling av tenester.....	14
3.2 Andre forhold	16
3.2.1 Covid 19.....	16
3.2.2 Prosjekt HelseSamArbeid	16
3.2.3 Breiband	17
3.2.4 Sjukefråvær	17
4 Tiltak for å sikre høg etisk standard	17
4.1 Internkontroll – generelt/overordna.....	18
4.1.1 Styring.....	18
4.1.2 Aktivitetar	18
4.1.3 Effekt og resultat	18
4.1.4 Statlege tilsyn	18
5 Likestilling.....	19
6 Aktivitetsplikt etter Likestillings- og diskrimineringsloven § 26.....	19
DEL 2 ÅRSRAPPORT	21
7 Organisering Fjord kommune	21
7.1 Politisk organisering	21
7.1.1 Kontrollutvalet.....	21
7.1.2 Ungdomsrådet.....	21
7.2 Administrativ organisering	22
7.3 Organisasjon og medarbeidarar	23
7.3.1 Årsverkstabell.....	23

7.3.2	Sjukefråvær	24
8	Hovudutfordringar og muligheiter framover	27
9	SENTRALADMINISTRASJON / FELLESTENESTENE	28
9.1	Fellestenestene	29
9.2	Beredskap, digitalisering og informasjon	30
10	OPPVEKST OG KULTUR	31
10.1	Stordal barnehage	34
10.2	Syltebøen barnehage.....	35
10.3	Dalsbygda barnehage	37
10.4	Stordal skule / SFO.....	38
10.5	Valldal skule/SFO.....	40
10.6	Fjord vaksenopplæring	41
10.7	Eidsdal skule / SFO.....	42
10.8	Kulturskulen.....	44
10.9	Biblioteka	45
10.10	Ungdomsarbeid/Ungdomsklubbane	46
10.11	Frivilligsentralane	47
10.12	Folkehelsearbeid.....	49
10.13	Martin Linge-huset	50
10.14	Stordalshallen	51
11	NÆRING	53
11.1	Vekst i Stordal.....	54
11.2	Fjordhagen AS.....	55
11.2.1	Nyetableringar og vekst/nyskaping i eksisterande næringsliv	55
11.2.2	Grunnarbeid for næringsutvikling	55
11.2.3	Vertskapsfunksjon og elektronisk turistinformasjon	56
11.3	Næringsfondet.....	56
12	HELSE, OMSORG OG VELFERD	57
12.1	Helseavdelinga.....	58
12.2	Helseforvaltning, koordinering og utvikling	59
12.3	Pleie og omsorg Stordal.....	60
12.4	Pleie og omsorg Valldal	62
12.5	Buhabilitering	63
13	TEKNISK, LANDBRUK OG MILJØ	65
13.1	Bygg og kommunalteknikk	67
13.2	Plan og miljø	68

13.3 Brann og redning	69
13.4 Reinhold	70

Innleiing

Fjord kommune si årsmelding for 2021 er utarbeidd etter ny Kommunelov, og inneheld omtale av kommunen si samla verksemd gjennom året. Innhaldet i årsmeldinga er heimla i Kommuneloven § 14-7.

§ 14-7 Årsmelding

Kommuner skal utarbeide ei årsmelding for kommunen si samla verksemd. Det skal også utarbeidast eiga årsmelding for kvart kommunalt foretak.

Årsmeldinga skal gjere rede for

1. forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga ivaretek den økonomiske handleevna over tid
2. vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskap, og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruk av bevilgingane
3. verksemda si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg betydning for kommunen eller innbyggjarane
4. tiltak som er iverksett og tiltak som blir planlagt iverksett for å sikre ein høg etisk standard
5. den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling
6. kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgivar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.

Punkt 1-6 ovanfor er nærare kommentert utover i årsmeldinga. Punkt 1 «Forhold som er viktig for å bedømme den økonomiske utviklinga» er kommentert under kapittel 1 osv.

1. Økonomisk handleevne over tid

I Kommuneleva er den langsiktige tankegangen viktig . Det er fleire paragrafar som er innom temaet, og kort oppsummert seier KL §14-1 at “kommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid”.

I følge KL § 14-2 skal “kommuner velge finansielle måltall for utvikling av kommunens økonomi”.

Økonomiske berekraft har fått auka fokus i ny kommunelov, og skal vi kunne oppretthalde eit godt tenestetilbod til innbyggjarane i framtida er vi heilt avhengig av at økonomien i kommunen er berekraftig.

Denne delen av årsmeldinga inneheld hovudtalsanalyser med nøkkeltal for status og stilling for kommunen sett under eitt. Det blir gitt meir detaljerte/utfyllande analyser for einingane i årsrapporten, og der blir det også redegjort for dei rekneskapsmessige sidene og sektorspesifikke nøkkeltal.

1.1 Driftsrekneskapen

Netto driftsresultat er av mange definert som hovedindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren, og er summen av alle inntekter fråtrekt alle utgifter (ordinær løpande drift).

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2021	Reg. budsjett 2021	Oppr.budsjett 2021	Rekneskap 2020
9 Sum driftsinntekter	341 392 744	312 755 455	311 129 455	335 121 930
15 Sum driftsutgifter	354 707 890	323 997 345	319 546 960	336 544 272
16 Brutto driftsresultat	- 13 315 146	- 11 241 890	- 8 417 505	- 1 422 342
22 Netto finansutgifter	- 17 544 132	- 18 794 786	- 17 244 786	- 20 407 788
23 Motpost avskrivningar	24 028 108	25 224 710	25 224 710	23 545 261
24 Netto driftsresultat	- 6 831 171	- 4 811 966	- 437 581	1 715 131
Disponering av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	- 285 000			
26 Netto avsetnader til eller bruk av bundne driftsfond	479 426	3 556 542	3 556 542	2 683 195
27 Netto avsetnader til eller bruk av disposisjonsfond	2 664 101	1 255 424	- 318 961	- 357 783
28 Dekking av tidlegare års meirforbruk	-	-	-	- 4 040 543
29 Sum disponeringar av netto driftsresultat	2 858 527	4 811 966	3 237 581	- 1 715 130
30 Framført til inndekking seinare år (meirforbruk)	- 3 972 644	-	-	-

Fjord kommune sitt rekneskap for 2021 viser eit meirforbruk på - 3.972.644 som utgjør – 1,75% av brutto driftsinntekter. Dette skal inndekkast dei to neste åra (2022-2023). Grense for direkte innmelding i Robek er 3% i meirforbruk av brutto driftsinntekter.

1.2 Investeringsrekneskaper

Bevilgningsoversikt - investering	Rekneskap 2021	Reg. budsjett 2021	Oppr.budsjett 2021	Rekneskap 2020
6 Sum investeringsutgifter	30 916 047	55 233 281	53 213 281	22 097 334
9 Sum investeringsinntekter (moms,sal,tilskot)	8 426 966	15 916 077	15 916 077	19 028 600
13 Bruk av lån	19 040 014	24 150 703	24 150 703	2 160 718
14 Sum investeringsinntekter	27 466 979	40 066 780	40 066 780	21 189 317
19 Netto utgifter vidareutlån	- 174 274	-	-	- 51 217
20 Overføring frå drift	285 000			
21 Netto avsetnader til/bruk av bundne investeringsfond	- 37 301			61 588
22 Netto avsetnader til/bruk av ubundet investeringsfond	3 027 094	15 166 501	13 146 501	795 211
24 Sum overføring frå drift og netto avsetnader	3 274 793	15 166 501	13 146 501	856 799

Bokførte investeringsutgifter er lavare enn budsjettert, og årsak til at framdrifta i prosjekta ikkje har vore som forventa, er nærare kommentert under punkt 2 «Vesentlege avvik».

Ubrukte lånemidlar på låneopptak knytt til investeringsutgifter er på kr. 5.744.674.

1.3 Finansielle måltal

Fjord kommune har vedteke følgjande finansielle måltal med tilhøyrande nivå, og dette skal vere førande for økonomiforvaltinga i kommunen:

1. Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter, måltal minimum 1,75 %
2. Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter, måltal minimum 10 %
3. Netto lånegjeld i % av driftsinntekter, måltal maksimum 85 %

1.3.1 Netto driftsresultat

Mange oppfatar at netto driftsresultat ikkje viser det rette bilete av årets løpande drift. Difor er det ikkje uvanleg å korrigere netto driftsresultat for faktorer som ein meiner «forstyrer» det økonomiske bilete.

I ei analyse av netto driftsresultat bør det takast omsyn til driftsinntekter som er øymerka spesielle føremål, altså korrigere driftsresultatet med avsetnad til bundne fond. Dette kan blant anna vere øymerka tilskot og inntekter på sjølvkosttenestene.


På same måte kan tidlegare års avsetnader til bundne fond finansiere driftsutgifter i årets rekneskap, og difor bør det også korrigerast for bruk av bundne fond.

En annen faktor det bør korrigerast for er premieavviket. Et negativt premieavvik er med på å auke utgiftene, og gir dermed eit falsk bilete i form av høgare driftsutgifter. I 2021 har kommunen nytta premiefond, og dette gir store utslag både på pensjonskostnad og premieavvik.

Bokført netto driftsresultat	- 6 831 171
Bruk av bundne fond	8 692 842
Avsetnad til bundne fond	- 8 213 416
Utgiftsført premieavvik	6 670 570
Korrigert netto driftsresultat	318 825

Ved å gjere nemnte korreksjonar blir korrigert netto driftsresultat ein sum av kommunen si ordinære løpande drift. Tabellen for utrekning av korrigert driftsresultat ovanfor, viser at Fjord kommune si ordinære drift gir eit positivt netto driftsresultat på 318 825.

Grafen viser utviklinga i netto driftsresultat for perioden 2016-2021 for kommunen. Resultatet er korrigert for bundne fond og premieavvik alle år, og er såleis samanliknbare. For perioden 2016-2019 er Stordal og Norddal sine resultat/inntekter slått saman.



Denne resultatgrada er det gitt sentrale føringar for. Teknisk beregningsutvalg (TBU) har gitt anbefaling på at resultat i % av driftsinntektene bør ligge på min. 1,7% over tid. For Fjord kommune utgjorde denne prosenten 0,1 % i 2021.

Kommunen har hatt ein stor nedgang i inntekter frå 2020 til 2021. Dette gjeld spesielt konsesjonskraft og eingangstilskot frå staten i samband med kommunesamanslåinga.

1.3.2 Gjeldsgrad

Fjord kommune har høg andel lånefinansiering av investeringar, noko som medfører store utgifter til renter og avdrag i driftsrekneskapen. Tabellen nedanfor viser utviklinga i netto lånegjeld dei siste åra, og kommunen har pr. 31.12.2021 ein andel på 112,3 % lånegjeld sett i forhold til driftsinntektene. Vedteke måltal er max. 85%, men dette må takast over tid og gjerne etablerast delmål.

Gjeldsgrada har gått ned med 1,9% samanlikna med 2020.

Ser vi på betaling av lånegjeld, held kommunen seg til det lovpålagte minimumskravet. Dette går fram av bevilgningsskjemaet, og er også presentert i note 10.

Nto.lånegjeld i % av BDI	2016	2017	2018	2019	2020	2021
BDI	310 940 561	329 430 344	325 388 143	332 729 414	335 121 930	341 392 744
Netto lånegjeld	406 150 686	398 800 203	393 333 356	394 596 062	382 711 337	383 284 985
%	130,6 %	121,1 %	120,9 %	118,6 %	114,2 %	112,3 %

Netto lånegjeld er inkludert ubrukne lånemidler på om lag 5,7 mill.

1.3.3 Disposisjonsfond

I samsvar med ny kommunelov skal administrasjonen disponere årets meir-/mindreforbruk ved avlegging av rekneskap. Kommunen sitt disposisjonsfond er brukt i løpet av året, siste rest vart stroke i samsvar med Kommuneloven sine strykingsreglar ved meirforbruk.

	2017	2018	2019	2020	2021
Driftsinntekter	329 430 344	325 388 143	332 729 414	335 121 930	341 392 744
Disposisjonsfond	7 087 586	6 655 989	1 904 757	2 664 101	-
	2,2 %	2,0 %	0,6 %	0,8 %	0,0 %

2 Vesentlege avvik

Administrasjonen har eit tydeleg forhold til kva prioriteringar, løyvingar, mål og premisser som ligg til grunn i årsbudsjettet og økonomiplanen til kommunen. Vesentlege avvik som manglar budsjettheimel blir kommentert nedanfor.

2.1 Vesentlege avvik DRIFT

I dette kapittelet er alle vesentlege avvik på over 1 mill. kommentert nærare.

Kommentar nr.	Vesentlege budsjettavvik 2021	Rekneskap 2021	Årsbudsjett 2021	Vesentlege budsjettavvik pr.eining
	FINANS			
1	Rammetilskot	- 140 173 821	- 136 034 000	- 4 139 821
1	Skatteinntekter	- 77 333 666	- 72 135 000	- 5 198 666
2	Konsesjonskraft	- 3 412 987	- 5 004 500	1 591 513
				-
3	Premieavvik pensjon	7 380 140	- 5 000 000	12 380 140
4	Omstilling	22 378	- 4 300 000	4 322 378
	EININGAR			-
5	IT & heimeside	4 378 253	5 734 778	- 1 356 525
6	Syltebøen bhg	4 611 262	5 709 870	- 1 098 608
7	Valldal skule	16 950 151	18 368 619	- 1 418 468
8	Habilitering Stordal	10 616 738	7 571 957	3 044 781
8	Habilitering Valldal	12 244 780	11 141 051	1 103 729
9	Teknisk drift, vedlikehald	2 443 725	1 180 628	1 263 097
9	Kommunale vegar, off.områder	8 995 979	4 668 400	4 327 579
9	Brannvern	4 792 069	7 000 000	- 2 207 931
9	Sjølvkost	- 3 234 556	380 000	- 3 614 556
9	Eigedomsdrift	6 904 690	6 976 602	- 71 912

Administrasjonen har gjennom 2021 hatt god oversikt over rekneskapen vha. gjennomgangar med einingane og utarbeiding av tertialrapportar. Det har tidlegare vore varsla eit behov for betydeleg omstilling, og etter 2.tertial var det ganske klart at kommunen styrte mot eit negativt driftsresultat i 2021.

1. Rammetilskot og skatteinntekter

Rammetilskotet og skatteinntekter er budsjettert med grunnlaget frå statsbudsjettet som vart lagt fram i oktober 2020, og justerte tal blir jamnleg oppdatert i KS sin prognosemodell.

Pr.31.12.2021 er oversikta slik:

Rammetilskot saldert budsjett	126 483
Skjønn Covid 19	1 300
Endringar vedteke i RNB	904
Prosjektskjønn	300
Midlar til smittevernstiltak	552
Inntektsutjamning for skatt	8 659
Ekstra skjønn, Covid 19	1 670
Sum rammetilskot 2021	139 868

Skatt på formue og inntekt	77 334
Sum inntekter på skatt og ramme	217 202

Totalt er det motteke 7.153 mill. som gjeld midlar vedr. Koronapandemien, gjennom tilleggsbevilgingar som vist i tabellen ovanfor og gjennom auka innbyggartilskot.

Både rammetilskotet og skatteinntektene vart høgare enn budsjettert (+9,3 mill).

2. **Konsesjonskraft** vert seld etter avtale med Wattn AS (tidlegare Tafjord Marked AS) Det har vore eit stort fall fall i konsesjonskraftinntektene frå 2020 til 2021, og kommunen justerte ned budsjettet til ca. 5 mill. for 2021 samanlikna med førre året då netto resultat var ca. 15 mill. Resultatet for 2021 vart på 2,8 mill. og konsesjonskrafta utgjorde eit meirforbruk på 2.159.167 i rekneskapen for 2021.

3. Premieavvik pensjon

KLP utarbeidar prognosar som kommunane nyttar i budsjettarbeidet. Mange faktorar ligg til grunn i desse prognosane, men likevel må kommunane gjere vurderingar av premieavviket. Etter diskusjon med KLP, vurderte administrasjonen å budsjettere med eit inntektsført premieavvik for 2021 på 5 mill. Resultatet for 2021 vart imidlertid eit negativt premieavvik på 7,3 mill., noko som gir eit budsjettmessig avvik på -12,3 mill.

Dette kan forklarast med bruk av premiefondsmidlar:

Tilbakeføring av premie frå KLP er noko som alle kommuner stort sett får kvart år. For 2021 vart tilbakeføringa ekstra stor på grunn av at reglane for offentleg tenestepensjon er endra og KLP frigjorde betydelege midlar frå oppsparte reserver. (Avsetnadskravet til framtidig alderspensjon er redusert.)

Bruk av premiefondsmidlar i 2021 vil isolert sett medføre høgare pensjonskostnad som følgje av at pensjonsmidlane blir lavare.

Bruk av premiefond i 2021 var på om lag 25 mill, og saldo premiefond er om lag 4 mill. pr. 31.12.2021.

Kommunen har gjort alle rekneskapsmessige justeringar i samsvar med årsoppgåvene frå KLP og SPK for 2021.

4. Omstilling

I samband med saldering av budsjettet for 2021, vart det vedteke omstilling på 4,3 mill., og dette vart ført mot eige ansvarsområde. Dette talet må sjåast opp mot mindreforbruk på fleire einingar på alle rammeområder. Det er ikkje gjort budsjettendring i løpet av 2021 mot dei einingane som har gjennomført innsparinga. Dette er til dømes vakante stillingar, reduksjon reiseutgifter og reduksjon i overtid og sjukefråver.

5. IT/IKT

Status for eininga er eit mindreforbruk på ca. 1,3 mill. Dette skriv seg frå lavare kostnad på IKT samarbeidet med eKommune Sunnmøre (700') og generelt mindre bruk av lisenskostnader, driftsavtalar etc. enn budsjettet.

6. Syltebøen barnehage

Barnehagen har eit mindreforbruk på 1,1 mill, av dette er 590 000 lønsrelatert. Det har vore mangel på vikarar og administrativt personell har gått mykje inn i drift. Det har også vore ein del sjukfråvær blant barn som har gjort at vikarbehovet i periodar har vore mindre.

Brukarbetalingane har vore større enn budsjettet som følgje av auka barnetal. Det er også auka refusjon frå andre kommunar for frikjøp av tilsett. Dette utgjer om lag 450 000.

7. Valldal skule

Bokført mindreforbruk på 1,4 mill.

Lønnsområdet står registrert med eit mindreforbruk på 815', og det er også motteke meir tilskot frå Utdanningsdirektoratet enn det som var budsjettet.

8. Bu-/habilitering

Meirforbruk på 4,1 mill. skuldast fleire faktorar:

- Auka vedtak/avtale om brukarstyrt personleg assistent 940'
- Auka bemanning pga. to nye brukarar i heildøgnsbustad som ikkje kjem over terskelverdiane for tilskot frå Helsedirektoratet i 2021. Dette utgjer 1,6 årsverk for 2021, dvs. om lag 1,6 mill.
- Høgt sjukefråver på ei av avdelingane, spesielt utfordrande i Korona-tida.
- Bruk av vikarbyrå 99' (i samband med ferieavvikling).

9. Teknisk, landbruk og miljø

Rammeområdet totalt sett har eit mindreforbruk på 1,1 mill., fordelt slik:

Teknisk,landbruk og miljø				
4000	Felles admin.TLM	938 509	1 118 542	- 180 033
4100	Bygg og komm.teknikk	1 785 678	2 047 369	- 261 691
4200	Teknisk drift, vedlikehald	2 443 725	1 180 628	1 263 097
4205	Felles ansvar maskinpark	- 2	573 000	- 573 002
4210	Kommunale vegar, gatelys	7 415 244	4 573 400	2 841 844
4211	Off.områder, park, kai	1 580 735	95 000	1 485 735
4300	Plan,byggesak,oppmåling	1 795 411	2 189 804	- 394 393
4400	Landbruk,skog,miljø,vilt	1 473 880	1 556 447	- 82 567
4500	Brannvern	4 792 069	7 000 000	- 2 207 931
4700	VAR	- 3 234 556	380 000	- 3 614 556
4910	Reinhald komm.bygningar	7 414 635	6 713 277	701 358
4920	Eigedomsdrift	6 904 690	6 976 602	- 71 912
Sum rammeområde 4		33 310 018	34 404 069	- 1 094 051

Det er til dels store avvik på enkelte einingar, dette har fleire årsaker

- Budsjettering av alt driftspersonell er gjort på ansvar 4200 «Teknisk drift», medan lønnskostnadane er fordelt på fleire områder, vegar, off.områder, VAR osv.
- Kommunale vegar, snøbrøyting om lag 1 mill.over budsjett
- Brannvern, det var budsjettert med interkomm.avtale som medførte høgare kostnad for kommunen. Avtalen vart forseinka, og trår i kraft først i 2022.
- **VAR**, mindreforbruk kr. 3,6 mill. er sjølvkostområda sitt bidrag inn i kommunekassa.
- **Eigedomsdrift**

Forsikringar knytt til eigedomane er bokført på rammeområde 1 og utgjer ca. 1,5 mill. Dersom ein tek omsyn til dette samt reinhald, har eigedomsdrifta eit meirforbruk på rundt 2,1 mill.

2.2 Vesentlege avvik INVESTERING

Tabellen nedanfor viser dei største investeringsprosjekta med gjenståande budsjетtramme pr. 31.12.2021.

Investeringsprosjekt pr. 31.12.2021		Regnskap 2021	Budsjett 2021	Restbudsjett 31.12.2021
I130101	Digitalisering av gml.arkiv	28 029	1 289 120	1 261 091
I300001	Velferdsteknologi	1 923 354	700 000	- 1 223 354
I420501	Investering i bilar	607 000	1 000 000	393 000
I421001	Hjellevegen	2 776 646	3 560 513	783 867
I421002	Parkering Ytterli,Rønneberg	429 588	600 000	170 412
I421003	Vegar/bruer Stordal	110 992	420 601	309 609
I421004	Veg øvre Dyrkorn	-	2 847 807	2 847 807
I421008	Oppgradering/asfaltering vegar	1 768 905	900 000	- 868 905
I430001	Planarbeid Muribugen	-	500 000	500 000
I430002	Planarbeid Omenås bustadfelt	-	650 000	650 000
I430003	Tettstadutvikling	4 555 201	2 101 992	- 2 453 209
I430004	Oppgradering/sikring av leikeplassar	280 911	150 830	- 130 081
I430005	Planarbeid sjøareal	324 282	400 000	75 718
I430006	Sentrumsutvikling	172 928	400 000	227 073
I430007	Kartlegging skredfare Fjord komm.	118 300	1 000 000	881 700
I450001	Brannbil Stordal	383 170	390 000	6 830
I470101	Vassverktbygging Fjord	3 915 688	5 670 356	1 754 668
I470201	Avløpsanlegg Fjord	2 208 808	2 300 000	91 192
I492001	Garderobe/symjehall Stordal skule	907 634	8 221 912	7 314 278
I492003	Eidsdal skule oppgradering	21 000	2 520 932	2 499 932
I492007	Dalsbygda barnehage, rassikr/uteomr.	244 529	1 900 000	1 655 471
I492302	Brannstasjon Stordal	1 154 251	5 493 126	4 338 875
I492402	Sagatun, omsorgsbustadar	208 443	937 126	728 683
I492404	Helsehus Stordal	370 822	500 000	129 178
TOTALT		30 916 047	55 233 281	24 317 234

Tabellen inneheld kun dei største prosjekta, medan totalbeløpet nedst er sum investeringsutgifter i samsvar med Bevilgningsoversikt investering, del 1.

Oversikta ovanfor viser bokførte investeringsutgifter på 30,9 mill., medan vedteke budsjett for investeringane i 2021 var på 55,2 mill. Dette er eit betydeleg avvik, og det har ikkje lukkast å ha den ønska framdrifta i prosjekta. Den administrative kapasiteten vart redusert då vi hadde fråfall av personell knytt til prosjektleiing. Det er no tilsett ny prosjektleiar, og det er venta at framdrifta blir betre framover.

Prosjekta «Tettstadutvikling» og «Velferdsteknologi» er finansiert med øyremerka tilskot som ikkje kjem fram i oversikta ovanfor. Tilskota er bokført som ein del av investeringa på «Bevilgningsoversikt del 1».

Plan-/reguleringsprosessen i fleire av prosjekta har vore meir omfattande enn førespegla og dermed tatt lenger tid, dette gjeld særleg brannstasjon i Stordal og rehabilitering av garderobe/symjehall Stordal skule.

3 Måloppnåing / Ikkje-økonomiske forhold

2021 var nok eit år der det var Covid19-pandemien som «la føringar» for drifta, men til trass for massive utfordringar har ein klart å drifte forsvarlege og trygge tenester for innbyggjarane.

Kommunedirektøren vil takke dei tilsette for ein arbeidsinnsats langt utover det ein kan forvente, og innbyggjarane for den forståinga ein har vist for situasjonen og lojaliteten til nasjonale og lokale tiltak og retningslinjer. Det er også grunn til å takke det politiske miljøet for god samhandling med administrasjonen.

Eit forhold som ikkje er like positivt, er korleis enkelte innbyggjarar oppfører seg mot kommunalt tilsette når leveranse av tenestene ikkje er etter forventningane. Fleire tilsette har vorte trakasserte, og snakka ufint til, og ein har hatt tilfeller av truslar. Dette ser ut til å vere ei generell samfunnsutvikling som utviklar seg raskt.

Ein må kunne forvente respektfull samhandling sjølv når ein ikkje får det som ein vil.

Kommunedirektøren har utfordra kommunestyret på om dette er noko det politiske miljøet ser noko ansvar i å ta tak i.

3.1 Utvikling av tenester

Fjord kommune lukkast godt med rekruttering av viktig kompetanse, men ein har endå ikkje stetta lovkravet som gjeld tilsetting av psykolog. Stillinga er lyst ut fleire gongar utan hell. Administrasjonen jobbar vidare med å finne ei løysing på dette.

Det er fortsatt utfordrande å rekruttere nok sjukepleiarar, men siste året har ein klart å rekruttere nyutdanna lokale ungdommar som ønskjer å flytte tilbake til kommunen etter fullført utdanning. Dette er ei gledeleg utvikling.

Interkommunalt samarbeid

Det er inngått samarbeidsavtale med Stranda kommune om barnevernteneste, med Stranda som vertskommune, med oppstart 01.04.2022. Samarbeidsavtalen om barnevernsvakt for Sunnmøre er vidareført som før med Ålesund som vertskommune.

Det er også inngått avtale med Stranda kommune om samarbeid innan brann- og redningsteneste, med oppstart 01.05.2022. Samarbeidsavtalane innan helse, legevakt, PPT, NAV og IKT er vidareført som før.

Fjord og Stranda kommunar har fått kr. 500 000.- i prosjektmidlar for å sjå på mogleg samarbeid mellom kommunane om kommunale tenester.

Helse

Det er etablert eit felles forvaltningskontor og koordinerande eining organisert under kommunalsjef. Målet med dette er å forbetre arbeidsprosessane og gjere miljøet mindre sårbart i for fråvær for dei til lovpålagde tenestene. Vurdering og vedtak forhold til eigenbetaling av pleie og omsorgstenester er også lagt til denne eininga.

Helseplattformen (forprosjektet) har krev ressursar frå organisasjonen. Prosjektet handlar om å omstille tenestene til meir digitale arbeidsflytar. Om ein lukkast med dette vil det medføre frigjering av kompetanse til ande oppgåver.

Tenesteområdet har jobba med løysing for helselokalitetar i Stordal. Det har vore arbeidsgruppe som har jobba med romprogram i forhold til ulike løysingar.

Ein har lukkast med å etablere ei stabil og god legeteneste i både Valldal og Stordal. Administrasjonen har ikkje prioritert å etablere legedagar i Eidsdal. Ein ser at dette vil krevje både investeringsmidlar og driftskostnadar om ein skal klare å levere like gode tenester i lokala i Eidsdal som ved dei to andre legekontora. Administrasjonen ønskjer å sjå dette i samanheng med eit eventuelt samarbeid med Stranda kommune om tenestene på sørsida av fjorden.

Når det gjeld rus og psykiatri må ein framover vurdere nivået på tenesteleveransen. Dette er noko administrasjonen vil jobbe vidare med.

Oppvekst og kultur

Høgt fagleg tenestenivå og ein klarer å rekruttere fagkompetanse. Synkende barnetal gjer at ein må diskutere og gjere nødvendige tilpassingar i skulestrukturen i åra som kjem.

Ein har så langt klart å tilby alle som søker om barnehageplass i kommunen, men det er stort press i Syltebøen barnehage. Denne vil no verte utvida og renovert.

Næring

Strategisk næringsplan er vedteken, og det er mange spennande næringslivsprosjekt fleire stader i kommunen. Vekst i Fjord er etablert i tråd med politisk vedtak, og vil vere ein viktig faktor for at ulike prosjekt vert realisert.

Teknisk

Både små og store aktørar har behov for eit kommunalt tenesteapparat som har kompetanse og kapasitet når næringslivet vil satse.

Kapasiteten på plan, byggsak og prosejktleiing er utvida for å møte denne utviklinga.

Fjord kommune har ein ambisiøs investeringsplan, og fleire etterlengta prosjekt er no i startfasen.

Samfunn og berekraft

Kommuneplanen sin samfunnsdel er no vedteken etter ein svært grundig og nyttig prosess, der innbyggjarinvolveringa har vore målretta og bevisst. Administrasjonen ser samfunnsdelen av kommuneplanen som eit godt verktøy for å nå målsettingane som både innbyggjarane, politikarane og administrasjonen har sett seg.

Med auka næringslivsaktivitet, har ein håp om at ein skal klare å stabilisere folketalet.

Kommunen har utarbeidd Energi- og klimaplan, der hovudmåla er ein reduksjon i klimagassutsleppa på minimum 40% for perioden 2009 – 2030.

Kommunen skal også vere bidragsytar for at vi både i nærmiljøet og globalt oppnår eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Innan 2050 skal all energibruk i Fjord vere fossilfri eller avfallsbasert.

Omstilling

Ein er endå ikkje i mål med nødvendig omstilling, så omstillingsarbeidet må fortsette. Den økonomiske ubalansen er på om lag 15-20 millionar kroner. Dette kjem som resultat av både auka driftskostnadar og reduserte inntekter. Ein er avhengig av å gjennomføre store strukturendringar i tenesteleveransen for å få ned driftskostnadane dersom ein skal klare å halde seg utanom ROBEK-registeret.

Årsverktølet må betydeleg ned dersom ein skal klare å få økonomisk effekt. Då må ein drifte basistenestene på færre lokalitetar enn ein gjer i dag.

Den demografisk utviklinga tilseier at kostnadane må dreiest frå oppvekst- til pleiesektoren.

3.2 Andre forhold

3.2.1 Covid 19

Koronapandemien har også i 2021 vore ei stor belastning for organisasjonen. Den vedvarande belastninga har vore både fysisk og psykisk krevjande for dei tilsette, og for heile organisasjonen.

Tilbakemeldingane både internt og frå Statsforvaltaren, har vore at Fjord kommune har handtert situasjonen på ein god, trygg og forsvarleg måte.

3.2.2 Prosjekt HelseSamArbeid

Fjord kommune deltek i det nasjonale forskningsprosjektet HelseSamArbeid. Målet med prosjektet er å utvikle eit saumlaust tenestetilbod som styrkar arbeidsdeltaking for sjukemelde med fare for langtidsfråver.

Prosjektet gjeld heile kommunen, der både Fjord kommune (som organisasjon) og private verksemd deltek. Ein ønskjer å skape eit felles verktøy for førebygging og oppfølging, som kan bidra i å forhindre langtidsfråver.

I prosjektet samarbeidar Fjord kommune med kommunane Bamble og Vinje.

Som ein del av fellesprosjektet, har Fjord kommune (som arbeidsgjevar) i samarbeid med NAV Arbeidslivssenteret, starta opp eit lokal prosjekt til å auke nærvær i barnehagane, dei ulike avdelingar innan pleie/omsorg og innan reinhald.

Grunna pandemien har framdrifta i prosjektet gått noko seinare enn ønska.

3.2.3 Breiband

I 2020 vart det signert avtale med Tajord Connect AS om bygging av breiband til alle fastbuande og næringsliv. Dette vert finansiert av utbyggjar, tilskot frå Møre og Romsdal Fylkeskommune og Fjord kommune. Fjord kommune har fullfinansiert sitt bidrag på 7,6 mill. kroner.

Utbygginga er no fullført i tråd med planen, og som ei av få dei første kommunane i landet tilbyr Fjord kommune no breiband til alle innbyggjarane i kommunen.

3.2.4 Sjukefråvær

Dette har utvikla seg i feil retning i 2021, ei auke på 0,7% samanlikna med 2020. Noko skuldast Covid19, men dette er ikkje heile forklaringa.

Det vert frå administrasjonen si side arbeidd målretta og konkret vidare for å auke nærværet i dei avdelingane der utfordringa er mest framtreddande.

4 Tiltak for å sikre høg etisk standard

Fjord kommune forvaltar midlar til fellesskapet og er avhengig av eit godt omdømme og tillit frå dei som møter oss. Det er viktig at kommunen opptre skikkeleg i all si verksemd. I samband med dette har ein utarbeidd eit eige dokument som omhandlar etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde.

Retningslinjene er av overordna karakter, og er ikkje detaljerte reglar. Dei hjelper oss til å orientere oss i livet, utvikle samvit og handlar om at vi skal kunne stå for dei vala vi gjer i jobbsituasjonen og i arbeidet som folkevald. Retningslinjene gir rettleiing og klare anvisningar om kva type åtferd som vert forventa av oss, i kva situasjonar.

Dei etiske retningslinjene blir ei viktig brikke i kommunen sitt heilskaplege etikkarbeid, der etisk refleksjon skal verte forankra i arbeidskvardagen, både i organisasjonen og politisk.

Når vi set ord på dei forventningane vi har til vår åtferd, blir det lettare både å diskutere desse, og unngå individuelle tolkingar av dilemma. Openheit rundt situasjonar vi kan kome opp i, bidreg til at sjansen for feiltrinn blir mindre.

Etikkarbeidet bidreg til betre kvalitet på tenestene. Det bidreg også til å fremme eit godt arbeidsmiljø og stimulerer til jobbegasjement.

Saman med verneombod og tillitsvalde har ein utarbeidd fleire overordna dokument, samt praktiske rutinar og prosedyrar. Desse legg føringar for korleis ein skal oppføre seg, både ovanfor brukarane og kollegaene i arbeidskvardagen. I dokumenta finn ein kva ansvar den enkelte medarbeidar har i det systematiske arbeidet med å skape trygge omgjevnader for våre brukarar og kvarandre

I opplæringa innan personvern, i regi av vårt personvernombod hos IKA (Interkommunalt Arkiv i Ålesund) har ein blant anna hatt fokus på nettvett, bruk av sosiale media og korleis ein enkeltperson og tilsette kan uttrykke seg offentleg.

4.1 Internkontroll – generelt/overordna

Kommunedirektøren sin internkontroll tar utgangspunkt i KS sitt verktøy i høve dette arbeidet. Verktøyet samvarar med det ansvaret kommunedirektøren har fått frå og med januar 2021 (Jf. kommunelova §25). Det skal rapporterast til kommunestyret om internkontroll minst ein gong i året, og i samsvar med KS sine anbefalingar har vi valgt å integrere den årlege rapporteringa i årsmeldinga.

4.1.1 Styring

Internkontroll er alt vi gjer for å sikre innbyggjarane gode tenester, overhalde lover og reglar, følge opp vedtak og planar og vere opptatt av omdømmet til kommunen.

Ansvar for kvalitet og internkontroll følgjer som ein del av leiaransvaret i kommunen. Leiarar har ansvaret for internkontroll innan dei respektive sektorane eller avdelingar. Internkontroll er ein naturleg del av drifta i einingane, leiarane veit at ein skal medverke til ein god og effektiv tenesteutøving.

Kommunen sin internkontroll er risikobasert. Som ein del av arbeidet med risikobasert interkontroll, skal kommunedirektøren gjennomføre ei overordna risikovurdering, både sentralt og i kvart kommunalområde, slik at vi få oversikt og kan vurdere heilskapen i internkontrollen i organisasjonen.

4.1.2 Aktivitetar

I 2021 har ein hatt fokus på vidarebeid med utarbeiding av sektorovergripande og lokale dokument (reglement, prosedyrar, rutinar, m.m) for organisasjonen sine kjerneoppgåver (tenesteteyting, støtteprosessar, helse, miljø og sikkerheit, personvern (GDPR) og beredskap).

Delegeringsreglementet er vedteke og satt i verk.

Kommunen sitt digitale kvalitetssystem er bygd ut. Modulen for å melde og behandle avvik er tatt i bruk i organisasjonen, og bygging av dokumentbiblioteket er kome i gang. Biblioteket blir kommunen si felles arbeidsplattform (og oppslagsverk) for alle dokument som er relevante for tenesteutøvinga. Kvalitetssystemet blir det sentrale verktøyet for kommunedirektøren sin internkontroll.

4.1.3 Effekt og resultat

Året som gjekk har vore svært prega av pandemien, noko som medførte at ein ikkje hadde moglegheit til å avsetje all planlagt tid til kvalitets- og systemarbeid i organisasjonen. Likevel opplever vi at vi har tatt nye, viktige steg i det systematiske arbeidet med kvalitet som medfører at vi er i stand til å levere dei tenester som blir forventa av kommunen.

4.1.4 Statlege tilsyn

Arbeidstilsynet har hatt tilsyn med teknisk etat i høve systematisk arbeid for å forhindre at arbeidstakarar blir utsette for helseskadeleg eksponering for asbest. Kommunen fekk pålegg om utarbeiding av dokument og opplæring som skal sikre at arbeidstakarar og verneombod får

nødvendig informasjon og opplæring (ikkje saneringsarbeid) om kvar asbest typisk kan førekome i bygg og installasjonar som kommunen eig, kva rutinar som skal følgast dersom det er mistanke om asbest og om moglege helseeffektar.

Kartverket gjennomførte tilsyn med avdelinga plan og miljø, i høve matrikkelova. Basert på avvik og merknader, har avdelinga utarbeidd ein tiltaksplan for å lukke avvika som blei avdekka.

Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med sektor helse, omsorg og velferd. Tilsynet omhandla tvungen somatisk helsehjelp. Kommunen fekk som oppgåve å utarbeide ein plan som sikrar at tenesteutøvinga er i samsvar med helse- og omsorgstenestelova, helsepersonellova samt pasient- og brukarrettslova. Det ble også vist til forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta. I planen bør det gå fram kva tiltak som er og skal bli gjennomført, kven som har ansvaret og korleis leiinga vil følgje opp at tiltaka vert sett i verk.

Arbeidstilsynet har også hatt tilsyn med bu og habiliteringsavdelinga i Stordal. Tilsynet var ein del av eit nasjonalt tilsynsprogram retta mot heimetenesta for å bidra til auka kunnskap og forbetring i de førebyggjande systematiske HMS-arbeidet.

På tilsynet vart Arbeidstilsynet orientert om at avdelinga skal starte med ny arbeidstids- ordning (langvakt), etter positive erfaringar med same ordning på avdelinga i Valldal. Som tilbakemelding på tilsynet, fekk avdelinga pålegg til å gjennomføre ei forsvarlegheits-vurdering av den nye ordninga.

5 Likestilling

Lønspolitikken i Fjord kommune er utforma slik at kvinner og menn vert likebehandla i vurdering av lønn og avansement. Kommunen treng medarbeidarar med riktig fagkompetanse og ønskjer eit mangfaldig arbeidsliv. Kommunen skal leggje til rette for å rekruttere minoritetsspråklege og personar med redusert funksjonsevne. Samstundes skal ein ta vare på at alle arbeidstakarar blir rettferdig vurdert.

Fjord kommune har flest kvinnelege arbeidstakarar, med ein kvinneandel på 74 %. Det er færrest mannlege tilsette innan skule, barnehage og helse og omsorg, og flest innan teknisk. Vi ønskjer ei utjamning, men dette skal ikkje gå utover best kvalifisert - prinsippet hos søkjarane eller tilsette som allereie jobbar i kommunen. I dei lokale lønnsforhandlingane legg ein vekt på at det er likskap ved lik stilling, ansvar og kompetanse.

Fjord kommune sin lønspolitikk har som mål å stimulere til initiativ, auka ansvar, god bruk av ressursar og lik løn uavhengig av kjønn. Vi ønskjer å sikre like moglegheiter til sjølvutvikling, karriere og familieliv. Løn for likt arbeid skal vere lik.

6 Aktivitetsplikt etter Likestillings- og diskrimineringsloven § 26

Fjord kommune arbeider aktivt og målretta for å fremme likestilling og å hindre skilnader som strid med Lov om likestilling og forbud mot diskriminering. Lov om likestilling og forbod mot diskriminering, § 26, 2.ledd punkt a) pålegg alle offentlege verksemder å undersøke om det finns risiko for diskriminering eller andre hindre for likestilling. Herunder skal kommunen kartlegge lønnsforhold etter kjønn og bruk av ufrivillig deltid.

Fjord kommune likebehandlar alle tilsette ved lønnsfastsetting, det er funksjon og ansiennitet som er avgjerande. Når det gjeld deltidsarbeid, har vi tilsette som ønskjer å jobbe deltid av ymse årsaker. Det er imidlertid jamnlege gjennomgang på einingane for å kartlegge om nokon ønskjer å gå opp i stilling, gjerne forut for ei utlysing. Vi meiner at kommunen ikkje har tilsette som går i ufrivillig deltidsarbeid.

Fjord kommune skal ha eit mangfald der kjønn, etnisk opphav, religion/livssyn, seksuell orientering, alder og funksjonsnivå blir verdsett. Alle brukarar og innbyggjarar skal møtast med respekt og likeverd. Det same gjeld der kommunen møter leverandørar, kundar, konkurrentar og andre aktørar.

Kommunen sine premisser for å hindre trakassering og kjønnsbasert mobbing/vold, ligg til grunn i arbeid med rekruttering, arbeidsvilkår, forfremming, utviklingsmoglegheiter og anna tilrettelegging.

Kvar medarbeidar i Fjord kommune skal føle seg trygg på sin arbeidsplass. Vi tek avstand frå alle former for trakassering, mobbing, og forventar at alle bidreg til å verkeleggjere denne haldninga. Vi skal ikkje utsetje andre for handlingar eller ytringar som kan verte oppfatta som krenkjande, skremmande, fiendtlege, nedverdige eller audmjukande.

Vi sikrar kvarandre mot problemåtferd, vald og truslar. Like viktig for eit godt arbeidsmiljø, er at vi legg til rette for ein god dialog og eit godt ytringsklima. Takhøgda for å diskutere og kome med synspunkt er stor i Fjord kommune. Ulike syn, konstruktiv kritikk og andre ytringar blir ønskte velkommen, høyrde, vurderte og respektert. Eit godt ytringsklima bidreg til ein kultur der alle finn det trygt å ytre seg. I Fjord kommune er ein verna når ein ønskjer/må seie frå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Når ein varslar, kan ein rette opp, noko som er positivt for organisasjonen.


Som ein av del av arbeidet, som handlar om tryggleik, dialog og godt samarbeid, har ein utarbeidd ulike retningslinjer, rutinar og rettleiingar, slik at alle tilsette veit korleis ein kan førebyggje, avdekke og rette opp feil. Dei ulike retningslinjer, rutinar og rettleiingar som er utarbeidd i samband med arbeidet som handlar om tryggleik, dialog og godt samarbeid, seier korleis ein kan førebyggje, avdekke og rette opp feil. I dokumenta finn ein også igjen kva ansvar den enkelte har.

Vi har etablert rutinar mot diskriminering og trakassering og utilbørleg opptreden som ein del av HMS-arbeidet. I 2021 er det også utarbeidd ein rettleiar som omhandlar graviditet og jobb som skal sikre god oppfølging og tilrettelegging av gravide tilsette, eller som har eit ønske om å bli gravid. Vi ønskjer å leggje til rette for at ein i størst mogleg grad kan halde fram i arbeidet ein kjenner til, utan full omplassering, permisjon eller sjukmelding.

DEL 2 ÅRSRAPPORT

7 Organisering Fjord kommune

7.1 Politisk organisering



Kommunestyret består av 23 medlemmar, fordelt slik:

Arbeidarpartiet	5 medl. inkl. ordførar	(2 medl.formannskap)
Høgre	6 medl.	(2 medl.formannskap)
Senterpartiet	8 medl.	(3 medl.formannskap)
Sosialistisk Venstreparti	2 medl.	
Framstegspartiet	1 medl.	
Kristeleg Folkeparti	1 medl.	

Politiske utval/saker 2021	Antal møter	Antal politiske saker
Kommunestyre	10	120
Formannskap	13	142
Eldreråd	6	17
Råd for pers.med funksj.nedsetting	5	11
Ungdomsråd	5	15
Viltutval	3	16

7.1.1 Kontrollutvalet

Består av 5 medlemar og er kommunestyret sitt verktoy for å sikre at den kommunale verksemda skjer i tråd med gjeldande lover og reglar, kommunale planar og vedtak. Dette er viktig for å oppnå tillit hos innbyggjarane. Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat utøver sekretariatsfunksjonen for Fjord kommune.

7.1.2 Ungdomsrådet

Frå 01.01.20 var ungdomsråd lovpålagt og føremålet er at ungdomsrådet skal vere eit talerør for ungdommen i Fjord kommune. Ungdomsrådet skal også vere eit høyringsorgan, bidra til gode

oppvekstvilkår og ha mulighet til å påverke i saker som vedkjem ungdom. Dei skal også vere me då auke engasjementet i ungdomsgruppa.

Ungdomsrådet har hatt 5 møter i 2021. Blant sakene som har vore handsama er ruteendingsprosess, ulike planar, som t.d. samfunnsdelen av kommuneplanen, ruspolitisk handlingsplan og budsjett 2022. I tillegg har dei besvart ulike undersøkingar elektronisk.

Hausten 2021 var det val av nytt ungdomsråd for 2022-2023. Medlemmar i ungdomsrådet var på skulane og informerte elevane på ungdomstrinnet i forkant av valet. Det har ikkje latt seg gjere å få på plass vararepresentantar for dei tre medlemmane i aldersgruppa 16-19 år endå.


To av medlemmane i ungdomsrådet var deltakarar på Ungdommens Fylkesting (UFT). Fjord kommune har eit medlem i ungdomspanelet (UP) i fylket.

Ungdomsrådet har konto på instagram #fjordungdomsraad

7.2 Administrativ organisering

Den administrative organiseringa har vore slik i 2021:

Organisasjonskart Fjord kommune



7.3 Organisasjon og medarbeidarar

7.3.1 Årsverkstabell

Årsverkstabell Fjord kommune	Status 01.05.22	2021	2020	Merknad
Politisk organisasjon	1,0	1,0	1,0	
Kommunedirektør	1,0	1,0	1,0	
Økonomiavdeling	3,8	5,0	5,0	
Personalavdeling	2,0	2,0	2,0	
Beredskap	0,5	0,5	0,5	
IT	1,5	1,5	1,5	
Fellestener	4,1	5,1	5,3	
Folkehelsekoordinator	0,2	0,2	0,7	
Sum sentraladministrasjon/stab	14,1	16,3	17,0	
Felles adm. Oppvekst,kultur,næring	1,0	1,0	1,0	
Stordal barnehage	8,9	8,9	7,9	
Dalsbygda barnehage	5,2	5,3	5,7	
Syltebøen barnehage	13,4	10,9	10,8	
Stordal skule/SFO	25,8	26,0	27,2	
Valldal skule/SFO/VO	28,5	29,8	30,4	
Eidsdal skule/SFO	13,5	11,5	12,4	
Kulturskolen	1,8	2,5	2,0	
Kulturadministrasjon	0,4	0,4	0,4	
Frivilligsentral	1,5	1,5	1,5	
Bibliotek	1,4	1,9	1,9	
Martin Linge huset	0,3	0,3	0,3	
Stordalshallen	0,6	0,6	0,6	
Næringsutvikling	0,4	0,4	0,4	
Sum oppvekst og kultur	102,8	101,0	102,5	
Felles adm. helse/PLO	1,0	1,0	1,0	
Kommuneoverlege	0,2	0,2	0,2	
Inntakskontor,koordinerande eining	3,0	2,0	1,0	Prosjektstilling Helseplattform
Legekontora	9,7	8,9	9,4	Ned 0,8 frå 30. mai
Helsestasjon	3,0	2,7	2,0	
Psykatri	2,2	2,2	1,9	
Fysio-/Ergoterapeut	1,8	1,8	1,6	
Jordmor	0,4	0,4	0,4	
Stordalstunet, inst.drift	17,4	19,0	18,5	
Valldal sjukeheim, inst.drift	32,2	34,1	33,1	
Heimetenesta Stordal	3,9	3,6	2,8	
Heimetenesta Valldal,Fjørå,Tafjord	11,4	11,9	13,6	
Heimetenesta Eidsdal,Norddal	7,4	7,9	7,7	
Bu-/habilitering Stordal	20,4	19,9	17,1	
Bu-/habilitering Valldal	14,7	15,8	13,9	
Aktivitetssenteret "Glimt"	1,0			
Dagtilbod for demente	0,0	0,4	0,0	
Sum helse,pleie og omsorg	129,7	131,4	124,3	
Felles adm. Teknisk,landbruk,miljø	1,0	1,0	1,0	
Bygg og kommunalteknikk	4,0	4,0	4,0	
Teknisk drift	13,0	13,0	13,6	
Plan bygg oppmåling (PBO)	3,2	4,2	4,0	opp 1 frå 1. juni
Landbruk	1,5	1,7	1,7	
Brann	0,5	0,7	0,5	
Brannforebyggjar (feiar)	1,0	1,0	0,0	
Reinhald	13,6	14,6	12,2	
Sum teknisk,landbruk,miljø	37,8	40,2	37,0	
Sum årsverk	284,4	288,8	280,7	

Bemanning

Fjord kommune har per desember 2021, 401 faste tilsette fordelt på 288,2 årsverk. I tillegg kjem midlertidige tilsette og tilkallingsvikarar. Gjennomsnittleg stillingsprosent er på 72,40 %. Andel kvinner er på 74 % snittalderen på tilsette i kommunen er på 46 år.

I 2021 har det vore ein del tilsette som har slutta, men kommunen har klart å rekruttere dyktige medarbeider inn i dei vakante stillingane. Ei stor utfordring kommunen har problem med å tilsette nokon i er psykologstillinga og sjukepleiarar. Det er mangelvare på begge funksjonane nasjonalt og det har i 2021 vore utstrakt bruka av bemanningsbyrå for å få dekket opp nok sjukepleiarar i kommunen.


7.3.2 Sjukefråvær

Sjukefråværet i Fjord kommune har vore utfordrande i 2021 og er aukande i samanlikning med 2020. Samla sjukefråver for 2020 var på 8,78 % og i 2021 var snittet på 9,53%


Partane i arbeidslivet inngikk ny IA-avtale for perioden 01.01.2019 - 31.12.2022. IA-avtalen omfattar no heile arbeidssektoren. Målet i den nye IA-avtalen er å skape eit arbeidsliv med plass til alle gjennom å førebygge sjukefråver og forhindre fråfall. Det nasjonale målet for sjukefråværet i avtaleperioden er at det skal reduserast med 10 % samanlikna med årssnittet for 2018.

Fjord kommune hadde som målsetting å ikkje overstige 8 % i 2021 og kome under 7,3 %, innen utgangen av 2022, men med bakgrunn i høgt arbeidspress over tid der delar av fråveret kan skuldast Covid-19 er vi eit godt stykke unna målsettinga. Målet for 2022 må vere kome ned igjen på nivået i 2020.

Utviklinga i fråværet per måned, visar ein trend med høgare fråvær i starten og slutten av året. Toppen for fråværet i 2021 var i november. Koronasituasjonen har hatt verknad på sjukefråværet i kommunen med fleire lokale utbrot i mars/april, september og november. Landet opna på ny opp igjen mai 2021 og det fikk ein merke utover haust og vinter.



Ferieavviklinga i juni – august har sjølvsagt verknad på fråværestalet. Det er også store variasjonar i sjukefråværet mellom dei ulike einingane. Einingane sine tal blir sterkt påverka av antal årsverk i eininga. Små einingar med langtidsfråvær vil prosentvis få høgt sjukefråvær.



Korttid/langtid

Samla sjukefråvær i Fjord kommune utgjorde i 2021 totalt 9,53% (8,78 % i 2020). Fråværet fordeler seg med legemeldt fråvær på 8,23% (7,68 % i 2020) og eigenmeldt fråvær på 1,29% (1,10 % i 2020). Figuren over viser variasjonen mellom sektorane med fordeling mellom korttidsfråvær og langtidsfråvær i 2021. I tabellen under ser ein kvartalsvis oversikt for heile kommunen i 2021.

2021	Kort	Lang	Totalt
K1	1,43	8,33	9,77
K2	1,07	8,53	9,60
K3	0,90	6,6	7,43
K4	1,9	9,5	11,30
SNITT			9,53

I kommunen sitt andre driftsår har ein ofte måtte justere kvardagen i samanheng med smittesituasjonen lokalt, regionalt og nasjonalt. Kommunen har uansett klart å oppretthalde god kontakt med bedriftshelsetenesta

, NAV Arbeidslivssenter, tillitsvalde og verneombod.

I 2021 har organisasjonen konsentrert seg ekstra på følgjande tiltak

Etablering av Intranett som er kommunen sitt informasjonsverktøy internt og arbeid godt med å få på plass ein god struktur her og fortløpande evaluere og publisere nye rutinar, reglement og prosessar.

3- partssamarbeid /STAMI: Kommunen starta eit samarbeid med NAV arbeidslivssenter i slutten av 2020 og er satt i drift for dei fleste barnehagane i 2021 og enkelte avdelingar i helsesektoren for arbeidet med, *ein bra dag på jobb*. Tematikken er tilrettelagt frå STAMI (statens arbeidsmiljøinstitutt) og har vore gjennomført av ein kontaktperson i NAV Arbeidslivssenter. Prosessane har vore gode, men ein har ikkje klart å ta ut effekten i alle avdelingane på grunn av tidvis stort fråver av dei faste tilsette.

HelseSamArbeid: Sidan januar 2019 har kommunen vore med på eit forskingsprosjekt med to andre kommunar (Bamble og Vinje) samt eit forskningsteam ved Helse Sør. Prosjektet har ein vidareført til Fjord kommune og favnar heile næringslivet i kommunen og ikkje bare Fjord kommune som arbeidsgjevar. Målet med prosjektet er å utvikle eit saumlaust tenestetilbod som styrkar arbeidsdeltaking for sjukmelde med fare for langtidsfråver. Det betyr at vi skal skape gode verktøy for å redusere fråværet før dei blir sjukmeldt. Prosjektgruppa består av Fjordhagen, NAV Arbeidslivssenter, Muritunet og kommunen. I 2021 har ein vidareført kartleggingsamtaler med sjukmeldte og opprettholdt kontakt med næringslivet. I tillegg er ISIVET- verktøyet som legane skal bruke i sine samtaler med pasient ferdigstilt og det er gjennomført fleire rundar med opplæring. Bruken av sjølve verktøyet blir nok ikkje igangsatt før i 2022.

Lærlingar

Kommunen tok inn 3 lærlingar hausten 2020 og ytterligere 4 lærlingar hausten 2021. Dei er godt integrert i avdelingane. 6 lærlingar innafor helsefag og 1 som barne- og ungdomsarbeidar.


8 Hovudutfordringar og muligheiter framover

I tillegg til økonomiske omstillingsbehov, er nedgang i folketallet og tilgang på arbeidsplassar i kommunen dei største utfordringane framover. Ein får også ei stadige eldre befolkning i kommunen. Dimensjonering av tenestene og tenestestruktur må tilpassast disse utfordringane. Med denne utviklinga bør ein større del av utgiftene dreiest over frå oppvekstsektoren til pleie- og omsorgstenester.

Nedgang i folketal og tilgang på kompetanse, gjer at Fjord kommune må ha spesielt fokus på nærings- og samfunnsutvikling, samling av fagmiljø og vere offensive for å rekruttere og behalde kompetanse.

Andelen tilsette i Fjord kommune over 60 år er høg, noko som betyr at ein må erstatte om lag halvparten av alle tilsette i løpet av dei komande 7-8 åra. Dette blir ei utfordrande oppgåve.

Det må likevel nemnast at ein har klart å rekruttere kompetansen ein treng innan dei aller fleste fagområde, og det ser ut til at Fjord kommune har blitt ein attraktiv arbeidsplass.



9 SENTRALADMINISTRASJON / FELLESTENESTENE

Omhandlar følgjande tenestemråde:

- Politisk styring og kontrollorgan
- Kommunedirektør, økonomi, personal/lønn, IKT, servicekontor
- Næringsutvikling/næringsfond
- Digitalisering, plan, beredskap, folkehelsearbeid

Økonomisk resultat pr.eining POLITISK ORG.	Rekneskap 2021	Årsbudsjett 2021	Meirforbruk (+) Mindreforbr. (-)
Politisk org.	1 272 540	1 220 682	51 858
Komm.styret-form.skap	556 614	516 831	39 783
Eldrerådet	38 392	28 120	10 272
Ungdomsrådet	42 112	42 277	- 165
RFUN	21 145	25 120	- 3 975
Kommunerevisjonen	947 000	600 000	347 000
Kontrollutval/SKS	403 571	288 125	115 446
Sum	3 281 374	2 721 155	560 219

Økonomisk resultat pr.eining SENTRALADMINISTRASJON	Rekneskap 2021	Årsbudsjett 2021	Meirforbruk (+) Mindreforbr. (-)
Kommunedirektør	1 297 231	1 493 712	- 196 481
Omstilling	22 378	- 4 300 000	4 322 378
Stab/Fellestener	4 237 910	3 581 982	655 928
IT & heimeside	4 378 253	5 734 778	- 1 356 525
Beredskap	793 904	688 634	105 270
Sals- og skjenkeavgift	- 135 766	- 100 000	- 35 766
Næringsutvikling	304 922	1 014 708	- 709 786
Næringsfond	-	-	-
Kyrkjelege fellesråd	2 791 000	2 791 000	-
Folkehelsearbeid	163 873	267 900	- 104 027
Personalarbeid	2 494 473	2 634 959	- 140 486
Miljøfyrtårn	7 025	-	7 025
HMS	294 814	284 000	10 814
Økonomiavd.	4 418 374	4 675 115	- 256 741
Premieavvik pensjon	7 380 140	- 5 000 000	12 380 140
Forsikringar	462 336	597 000	- 134 664
Sum	28 910 867	14 363 788	14 547 079

9.1 Fellestenestene

Avdelinga har hatt tilnærma same bemanning som i 2020. Frå august 2021 vart 20% stilling overført til Stordal skule, bemanning i Fellestenestene vart redusert frå 5,3 til 5,1 årsverk.

Avdelinga har vore organisert med eigen leiar, direkte underlagt kommunedirektøren.

Samansette oppgåver gjennom året:

Arbeidet med flyt og felles forståing for oppgåveløysing og utvikling/implementering av rutiner har blitt vidareført. Dette har vore i prosess sidan samanslåinga, og har også halde fram i 2021.

Det blir sortert mellom fag- og fellesoppgåver, der tilsette har sine faste fagrelaterte oppgåver, i tillegg til at alle skal vere istand til å ivareta generalistoppgåvene.

Sidan avdelinga er fordelt på 2 lokasjonar krev det god samordning og smidige løysingar for å skape eit godt team. Informasjonsutveksling og god overlapping er viktig og nødvendig, og ein føresetnad for å lukkast.

Ekspedisjonen i Stordal var stengt i 4 veker under avvikling av hovudferien 2021.

Prosjektarbeid

ACOS Eigedom

Oppgradering av sakssystemet for tilpassing til ny programvare.

Planlegging og implementering av ACOS Eigedom, dvs. modul for saksbehandling av tekniske saker; byggesak, plansak, delingssak, oppmålingssak, utsleppsløyve m.fl.

Det har lenge vore etterlyst eit eige fagsystem for dette; som vart teke i bruk på vårparten 2021.

Ein arbeidsflyt knytt opp til dei enkelte sakstypene gjer arbeidet funksjonelt og oversiktleg, og status i den enkelte sak kjem tydeleg fram.

Vaksinasjonsprogram C-19

Uthenting av vaksinasjonslister frå det moderniserte folkeregisteret.

Involvering/betening av vaksinasjonstelefonen; telefonkontakt samt lokalt smittesporingsarbeid.

Kartlegging av arkiv

Fysisk gjennomgang av alle papirarkiv frå Stordal kommune og Norddal kommune.

Saman med IKA vart det før sommaren 2021 gjennomført ei synfaring på alle einingar der eldre papirarkiv vart registrert.

I etterkant av kartlegginga fekk kommunen eit estimat på kva kostnad det vil medføre om IKA skal ta oppdraget med innhenting av dette til sitt depot.

Avtale vart i ettertid signert; og ei slik avlevering er tenkt over tid, i perioden 2022-2026.

I avtalen er alle detaljar omhandla; i hovudsak er det IKA som vil stå for pakking og ordning.

Stortingsvalet 2021

Planlegging, gjennomføring og evaluering.

Omsyn til pandemi/smittefare sette klare føringar for korleis valet kunne avviklast.

Som elles i landet var det ein stor auke i førehandsstemming, som vart avvikla både på rådhuset og kommunehuset.

For fleire tilsette var store delar av arbeidsdagen dedikert til dette gjennom denne perioden.

For å ivareta smittevernet var det også stilt andre krav til lokala på valdagen, samt at frivilljuge vart

engasjert som vakter utanfor sjølve lokala.

Godt førebuingarbeid gjorde av dette omfattande arbeidet vart vèl gjennomført.

I periodar gjennom året har rådhuset og kommunehuset vore stengt for publikum grunna Covid-19. På same tid har også nokre av dei tilsette jobba heimanfrå. Mange funksjonar må uansett utførast på arbeidsstaden, og det har gjennom desse periodane vore nødvendig med fysisk bemanning.

9.2 Beredskap, digitalisering og informasjon

Beredskap

- Beredskap inn som viktig tema i samfunnsdelen.
- Kriseplan for skular og barnehagar er ferdigstilt
- Tiltakskort og ressursoversikt vert fortløpande justert
- Laga beredskapsplakat til alle husstandar om kontaktpunkt under ekstreme hendingar
- Hatt møte med Telenor om delvis dårleg dekning i kommunen
- Elles mykje tid til koronahandtering

Digitalisering

Fleire faggrupper har komt i gang gjennom eKommune Sunnmøre.

Vi har fått automatisert ei rekke interne prosessar, og arbeider systematisk for å gje betre digitale tilbod til innbyggjarane også. Det er ei utfordring å heve den digitale kompetansen i heile organisasjonen for effektivt å kunne ta i bruk nye løysingar.

Digi Møre og Romsdal er eit toårig prosjekt med mål om å etablere eit regionalt samarbeid om digitalisering. Etter to år skal det over i drift. Alle kommunane i fylket deltek, og Fjord kommune har med ein representant i styringsgruppa. Leiargruppa deltek i [Kompetanseløftet i regi av Digi Møre og Romsdal](#) der målsettinga er å utvikle kompetanse innan digital transformasjon.

Informasjon

Kontinuerleg arbeid med heimesidene, og betre tilrettelegging for brukarane. Vore mykje fokus på korona-informasjon.

Ny nettside for Fjord-samfunnet er under arbeid – Opplev Fjord. Her skal næringsliv, kulturliv, aktivitetar mv presenterast.

10 OPPVEKST OG KULTUR

Omhandlar følgjande tenestemråde:

- Fellesansvar oppvekst og kulturadministrasjon
- Barnehagane, grunnskulane, SFO
- Musikk- og kulturskule
- Vaksenopplæring
- Frivilligsentralar, kulturkafe, ungdomsarbeid
- Bibliotek
- Martin Linge-huset, Stordalshallen

Økonomisk resultat pr.eining OPPVEKST	Rekneskap 2021	Årsbudsjett 2021	Meirforbruk (+) Mindreforbr. (-)
Felles adm.oppvekst/kultur	4 151 607	3 678 909	472 698
Stordal bhg	3 904 441	4 364 961	- 460 520
Syltebøen bhg	4 611 262	5 709 870	- 1 098 608
Dalsbygda bhg	2 649 038	2 714 835	- 65 797
Stordal skule	15 704 879	16 017 366	- 312 487
Stordal SFO	1 221 657	1 392 180	- 170 523
Valldal skule	16 950 151	18 368 619	- 1 418 468
Valldal SFO	796 483	654 328	142 155
Fjord vaksenoppl.	- 107 723	- 440 726	333 003
Eidsdal skule	8 543 103	8 717 774	- 174 671
Eidsdal SFO	182 395	47 474	134 921
Fjord musikk-kulturskule	1 333 414	1 933 830	- 600 416
Sum	59 940 707	63 159 420	- 3 218 713

Økonomisk resultat pr.eining KULTUR	Rekneskap 2021	Årsbudsjett 2021	Meirforbruk (+) Mindreforbr. (-)
Kulturadmin.	687 382	723 205	- 35 823
Tilskot drift-anlegg	1 240 543	1 875 800	- 635 257
Fjord bibliotek	1 645 227	1 624 009	21 218
Frivilligsentralane	- 73 769	250 516	- 324 285
Ungdomsarbeid	100 825	48 500	52 325
Stordalshallen	- 4 369	- 73 862	69 493
Martin Linge huset	- 16 825	- 165 510	148 685
Sum	3 579 014	4 282 658	- 703 644

Skular

Eleventalet i skulane går dessverre nedover også i 2021. Elevar frå Liabygda skule har sin skulekvardag ved Valldal skule, noko som er regulert gjennom avtalen med Stranda kommune. Skulane har godt kvalifiserte lærarar, og per i dag skjer all undervisning i hovudsak med godkjent personell. Fagfornynginga – innføring av ny læreplan frå hausten 2020 har vore sentralt i arbeidet i skulane også i 2021, sjølv om utfordringane knytt til covid-19 i stor grad har sett sitt preg på skulekvardagen.

Vidareutdanning av lærarar skjer også i stort omfang - slik også i 2021. Samarbeidet mellom skulane utviklar seg godt, ein deler og lærer av kvarandre. I tråd med politiske signal, freistar ein å få til fellesprosjekt på tvers av skulane i kommunen. Samstundes har alle skulane kvar for seg, sine særpreg og lokale satsingar.

Alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Fjord kommune er ei MOT-kommune, og det meste av dette arbeidet går føre seg på ungdomstrinnet. Tilbakemeldingane ein får gjennom elevundersøkingar, tyder på at denne satsinga set tydelege positive spor hjå mange.

Hausten 2021 var skulane i Fjord kommune med i satsinga Profesjonsfagleg digital kompetanse (PfdK), som er eit felles satsingsområde over fleire år innan Dekomp i regionen. I 2021 fekk Fjord kommune, etter søknad til BUFDIR, tilført midlar til eit 3-årig prosjekt «LOS» LOS-prosjektet skal vare i 3 år, og Fjord kommune kjem i gong med dette 1.halvår -22. Overordna handlar dette om «å lose» ungdom som på ulikt vis slit, gjennom ungdomstida, med særleg fokus på å gjennomføre skulegangen.

Gjennom søknad til UDIR har Fjord kommune fått tildelt kr 300.000, til kompetanseutvikling psykisk helse. Denne satsinga er basert på prinsippa som ligg til grunn i «Hjernelæring» samt «Livet&sånn». Vidare er det søkt og fått tilsagn om midlar for det som gjeld «Digitale læremidler», «Teknologiske skulesekken», «Sårbare barn og unge», «Nye læremidler fagfornyninga». Fleire av desse søknadane gjeld også barnehagane.

Barnehagar

Fjord kommune har tre kommunale barnehagar. Samla sett er det god barnehagedekning i kommunen, men Syltebøen i Valldal har fortsatt stor pågang i forhold til tilgjengelege plassar. Avtalen med Stranda kommune om barnehageplassar gir ekstra trykk på desse plassane. Det har til tider vore utfordringar kring personalmangel i 2021, særleg knytt til covid-19-situasjonen. Interne fleksible løysingar, bruk av skuleelevar og pensjonistar har vore til stor hjelp. Til tross for covid-19 og personalmangel, har ein i all hovudsak klart å halde opent i tråd med vanlege opningstider. Opp i dette, tek også 2 av styrarane styrarutdanning i 2021. Samla sett er det god kompetanse i barnehagane i kommunen.

Det pedagogiske regionnettverkssamarbeidet i regi av Sunnmøre regionråd er svært viktig for ei lita kommune som Fjord kommune, dette gjeld både innanfor skule- og barnehageområdet. Hausten -21 starta eit utviklingsarbeid gjennom ReKomp, der alle barnehagane i kommunen valde temaet «digital kompetanse i barnehagen».

Kultur

Kulturarbeidet har utvikla seg godt gjennom 2021. Dette gjeld i eigen organisasjon å lære kvarandre å kjenne, lære av kvarandre og bli samde om organisering, oppgåvefordeling og ha fokus på det som skal skje framover i Fjord kommune.

Kulturteamet arbeider breitt på ulikt vis ut mot innbygarane i kommunen. Samtidig vert kultur invitert og engasjert inn mot andre sektorar i kommunen gjennom ordinær drift, prosjekt, finansiering, arrangement osv. 2021 har likevel vore prega av covid-19, med avgrensa aktivitetar også innan kulturfeltet. Det er grunn til ei viss bekymring for kva dette vil ha med tanke på å rekruttere og behalde barn, unge og eldre innfor eit breitt spekter av kultur- og idrettsaktivitetar i Fjord

kommune. Eit godt kulturskuletilbod, gode bibliotektilbod og ein kulturorganisasjon i vid forstand, som er på tilbodsida overfor frivilligheita er og vil bli viktig framover. I det ligg også organisasjonen sin evne og vilje til å søke og skaffe eksterne midlar til ulike tiltak i kommunal regi, eller i samarbeid med frivilligheita, slik det også har vore i 2021.

Fjord kommune og Fjord idrettsråd har også signert samarbeidsavtale i 2021. Stillinga som folkehelsekoordinator er frå hausten -21 lagt til kommunalsjef for oppvekst, kultur og næring.

Kulturelle skulesekken

Lokal handlingsplan vert utarbeide i samhandling mellom skulane og kulturteamet. Denne vert godkjent av fylkeskommunen, noko som igjen gir eit tilskot til Fjord kommune for å gjennomføre dei tiltaka som ligg i planen. Dette gir ikkje minst ei god moglegheit til fellesprosjekt i kommunen på tvers av skulane/bygdene. For 2021 har det blitt noko avgrensa aktivitet, sjølv sagt pga covid-19.

Bygg

Etter at ein fekk tilsett ny medarbeidar på teknisk etat, kom ein på slutten av 2021 i gong med planlegginga av bygg/renovering i tråd med kommunestyret sine vedtak for det som gjeld Eidsdal skule, Syltebøen barnehage, samt lokaler for kulturskulen i Stordal (gamleskulen). Dette er svært gledeleg med tanke på betre fasilitetar for både barn og vaksne på dei aktuelle einingane.

Økonomi

Samla sett syner oppvekst og kultur eit betydeleg mindreforbruk for 2021. Dette skuldast vakanse, fleksible tilsette og leiarar som tek eit ekstra tak for å få kvardagen til å gå rundt. Fokus på effektiv drift, gjennom marginal bruk av vikarar opp mot behov, praktiske løysingar som gir innsparing og vilje og evne til å ta eit ekstra tak når det trengs.



10.1 Stordal barnehage

I første halvår 2021 hadde vi 8 tilsette som utgjorde 7,9 årsverk inkludert administrasjon. Fra hausten 2021 fekk vi tilsett ein ny mannleg ped.leiar - hurra!! Antal tilsette utgjorde då 8,9 årsverk inkl. administrasjon (0,9 årsverk). Herav to langtidssjukemelde frå mars og ut året.

Det har vore utfordrande og vanskeleg å få tak i vikarar, men fekk tilsett ein vikar fast fram til jul. Dette hjelpte på, men hausten bar framleis preg av personalmangel og stort arbeidspress på personalet. Vi har mykje av hausten gått lange periodar underbemanna.

Første halvår 2021 var det totalt 19 barn i barnehagen herav eitt barn med styrking 1:1.

Hausten 2021 hadde vi vekslende antal barn. Vi fekk fire nye tilflytta barn i oktober 2021, medan to slutta og flytta samme månad. På slutten av året hadde vi 24 barn fordelt på to avdelingar. Dette er litt oppgang fra året før. Vi har framleis behov for styrka bemanning for med ein assistent 1:1 for eitt barn, og det vert også gitt spesialpedagogisk hjelp i ulik grad tilsvarande omlag 0,5 stilling.

Alderssammansetninga i barnehagen pr. desember 2021 er slik:

Født år:	Antal barn
2016	7
2017	6
2018	4
2019	3
2020	4



Heile 2021 har også vore prega av Covid-19, men vi har likevel fått gjennomført mykje. I mars fekk vi gjennomført kurs med ELI RYGG for alle barnehagetilsette i Fjord kommune. Kurset vart halde i Grendasalen i Stordal og tema var: Vold og overgrep.

Våren 2021 starta vi også utviklingsprogrammet «Ein bra dag på jobb» ved hjelp av NAV, her hadde også barnehagane i Fjord ein felles studiedag.

Stordal barnehage har også delteke på eit digitalt kurs med tema «Fremtidsutsikter» i regi av Barnehagefolk. I oktober kom vi også i gang med eit utviklingsarbeid i regi av ReKomp, der alle barnehagane i kommunen valde temaet : Digital kompetanse i barnehagen. Stordal barnehage hadde spesielt fokus på korleis kan vi bruke digitale verktøy for å stimulere barnas kreativitet. Dette

temaet jobba vi med utover hausten. Vi skulle få bistand frå Høgskulen i Volda, men den digitale hjelpepakken derifra kom dessverre ikkje før i desember, så vi fekk ikkje starte med den før 2022.

Mål for barnehagen vidare:

- God og stabil personalgruppe, og også ha tilgang på vikarar. Vi må og ha som mål å få ned sjukefraværet.
- Kompetanseheving for heile personalgruppa. Utviklingsprogram gjennom ReKomp. Oppdatering og innføring av rammeplanen.
- Arbeidsmiljø må alltid vere i fokus.

I og med vi har ein ny barnehage er det lite behov for oppgradering og vedlikehald. Det som har vore den store utfordringa er å ha nok kvalifisert personale til einkvar tid og tilgang til stabile vikarar ved sjukefråvær.



10.2 Syltebøen barnehage

Syltebøen barnehage har tre avdelingar. Vårhalvåret hadde vi 46 barn og hausthalvåret 44.

Vårhalvåret hadde vi 12.2 årsverk og hausthalvåret 12 årsverk.

Frå hausten 2021 har vi vore heldige og hatt lærling.

Korona

Heile 2021 har vore svært prega av korona. Vi har hatt stort sjukefråvær i personalgruppa og dette gjer at det ikkje blir nok stabilitet hverken for barn eller tilsette. Mykje av tida til leiar har gått med til å skaffe vikarar, sy saman personalkabalen og til å vere vikar sjølv. Vi har vore heldige og hatt nokre stabile vikarar, men det har ikkje vore nok. Vi har også hatt god hjelp av pensjonistar som har arbeidd i barnehage før.

Vårhalvåret hadde vi to pedagogiske leiarar på dispensasjon. Vi fekk tilsett ein ny pedagogisk leiar i juni og før jul starta vi prosessen med å få tilsett endå ein. I haust har vi ikkje hatt nokon på dispensasjon.

Før påske måtte vi stenge på grunn av koronautbrot. Vi hadde opent for kritisk personell. Det hadde vi også palmehelga slik at helsepersonell kunne drive testing.

Vi har ikkje hatt mykje stengt på grunn av korona. Det har vore eit par ettermiddagar vi har stengt litt tidlegare enn vanleg.

Sjukefråvær

I tillegg til korona har vi også generelt høgt sjukefråvær i personalgruppa. Vi deltok på opplegget til NAV «Ein bra dag på jobb.» Dette har ikkje hatt noko effekt på sjukefråværet vårt. Vi har kanskje ikkje jobba grundig nok med det, men vi kom nok ikkje til kjerna av årsakene til sjukefråværet. Vi var på eit for praktisk og overfladisk plan i tiltaka våre. Sjukefråværet går ut over drifta fordi vi har for lite stabilitet i personalgruppa, blant anna blir utviklingsarbeid vanskeleg. Vi må halde fram arbeidet for å få ned sjukefråværet.

Kompetanseheving

Styrar starta på styrarutdanning i september og ein av vikarne våre har starta på barnehage-lærarutdanning.

Når kunnskapsdepartementet starta opp REKOMP meldte vi oss på utviklingsarbeid i bruk av digitale verktøy. Personalgruppa hadde svært lite erfaring med dette, så vi måtte starte heilt på botn. Vi begynte med å vere bevisst på å bruke bilete i ulike situasjonar. No har vi kome oss eit steg vidare og har begynt å sjå på anna utstyr vi kan lære oss å bruke. Eit nødvendig arbeid.

Når vi starta opp utviklingsarbeid gjennom rekomp avslutta vi arbeidet med språkløyper. Vi var ikkje heilt ved vegg ende, men vi hadde fått gjort mykje godt arbeid.

Alle barnehagane i Fjord brukte i vår ein plandag til kurs med Eli Rygg. Tema var overgrep, og dette fekk vi gode tilbakemeldingar på frå personalgruppa.

Vi hadde også ein felles plandag med tema opplæring i Visma og «Ein bra dag på jobb»

Planane med ombygging/utviding av barnehagen har stått stille. Derfor har det ikkje skjedd noko med planane for uteområdet heller. Vi skulle eigentleg ha planen klar til budsjettarbeidet for 2022 starta. Planen var ikkje klar, men vi fikk 7,5 million i budsjettmidlar til dette arbeidet.

Økonomi

Barnehagen har eit mindreforbruk på om lag 1 mill., av dette er 590 000 lønsrelatert. Det har vore mangel på vikarar og administrativt personell har gått mykje inn i drift. Det har også vore ein del sjukefråvær blant barn. Dette har gjort at vikarbehovet i periodar også har vore mindre,

Vi har budsjettet med for lite for betaling frå andre kommunar når det gjeld kjøp av barnehageplassar og frikjøp av tilsett. Dette utgjør om lag 450 000 av budsjettavviket.



10.3 Dalsbygda barnehage

Barnehagen vert definert som ein avdelingsbarnehage med ei avdeling, men er oppdelt i to grupper: storbarn og småbarnsgruppe. Det er samarbeid mellom gruppene på ettermiddag der gruppene er i lag for å nytte personalressursen best mogleg.

Eit vedtak på spesialpedagogisk ressurs 1-1 våren 2021.

Det er SFO på barnehagen kvar onsdag og annakvar torsdag, heile dagar.

Vi hadde eit par endringar i personalgruppa i inngangen av nytt barnehageår hausten 2021, det var ei nyttilsetjing av pedagogisk leiar på storbarn. Pedagogisk leiar på småbarn som også var styrar 60% endra stillinga si til 100% ped.leiar og tidligare pedagogisk leiar på storbarn gjekk inn som styrar.

Ressursar	Hauts 2021	Vår 2022
Antal tilsette	6	6
Antal årsverk	5,3	5,2
Antal barn	16	17
Antal barn SFO	2	2
Spesialundervisning	0	1

Født år:	Tal på barn:
2015	3
2016	6
2017	3
2018	1
2019	4
2020	3

Hausten 21 byrja vi på eit utviklingsarbeid saman med dei andre barnehagane i Fjord, ReKomp – Digital praksis i barnehagen. Dette utviklingsarbeidet skal fortsetje inn i neste barnehageår 2022-2023. Her vil vi fokusere på å auke bruken av digitale verktøy på ein pedagogisk måte for å stimulere til ei god språkutvikling.

Kommentar til drifta frå einingsleiar barnehageåret 2021/22.

- **Uteområdet:** Barnehagen får ikkje utnytta potensialet i uteområdet då ein del av arealet har vore stengt sidan 2018 grunna fare for steinsprang. Det har vore lovnadar om rasgjerde, men arbeidet har ikkje vorte starta.
Det har lenge vore ønske om eit vognskur for soving ute. Barna må sove inne då dei ikkje er skjerma nok med tanke på støy og skygge for sola på sommarstid. Vognene tar opp mykje plass inne i barnehagen.
- **Pedagogisk leiar** på storbarn slutta 1.mars så vi er for tida utan utdanna pedagog. Frå hausten må det lysast ut ny stilling som pedagogisk leiar. Utlysinga må skje i god tid for at den skal vere på plass til nytt barnehageår.
- **Vikar:** Barnehagen har for tida ingen vikar, noko som til tider er ei stor utfordring for eininga.

10.4 Stordal skule / SFO

Skule

Talet på elevar ved Stordal skule går dessverre ned, og frå hausten 2021 var det 102 elevar ved skulen. Dette gir eit gjennomsnitt pr. klasse på 10,2 elevar. Klassestorleiken varierer frå 2 til 18 elevar. På grunn av desse variasjonane har det blitt samanslåing av klasser på barnesteget, men undervisninga i norsk, matematikk og engelsk er delvis skjerma. Ved organisering av klassesamanslåing blir det teke omsyn til både det pedagogiske og klassestorleik. Vi hadde 30 tilsette ved skulen, lærarar, barne og ungdomsarbeidarar/ assistentar og merkantilmedarbeidar med ulike stillingsprosentar.

Fokusområde våren 2021 var vidare arbeid med innføring av ny læreplan K2020, sidan dette vart satt på vent pga. koronapandemien. Hauste 2021 deltok skulen i satsinga Profesjonsfagleg digital kompetanse (PfdK), som er eit felles satsingsområde innan Dekomp i regionen. Vårt fokusområde under dette arbeidet var *rammeverk for læraren sin profesjonsfaglege digitale kompetanse* (PfdK) og LK20. Vi såg på kva forventingar som ligg i rammeverk og læreplan, og med utgangspunkt i dei arbeidde vi med korleis vi kan få eit godt fagleg utbytte med digitale verktøy. Utgangspunktet var sentrale pedagogiske teoriar og forskning som kan bidra til å konkretisere god digital praksis, samt at det vart lagt til rette for noko praktisk utprøving av digitale ressursar og programvare. Våren og hausten vart også brukt til å vurdere nye læremiddel, både bøker og digitale, som er i samsvar med kompetansekrava i LK20. Ein står overfor ein del vanskelege val med tanke på kva type læremiddel ein ønskjer å prioritere då det ikkje er økonomi til både digitale læremiddel og bøker.

Det psykososialt skulemiljø er eit viktig satsingsområde for Stordal skule, og vi har i løpet av hausten 2021 starta opp med «Livet og sånn» i alle klassene ved skulen. Dette er eit opplæringsmaterieil for folkehelse og livsmeistring som er utarbeidd av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune. MOT er også eit viktig bidrag inn mot ungdomsskuleelvene for å skape robust ungdom som inkluderer alle.

Sjukefråveret har vore forholdsvis stort dette skuleåret mellom anna pga. langtidssjukmeldingar, men også ein del korttidsfråver. Dette har vore utfordrande sidan det er umogeleg å få tak i vikarar utanfrå, som igjen medfører at belastninga på dei tilsette blir stor.

Vi har frå hausten 2021 to lærarar som tar etter- og vidareutdanning, begge i faget norsk.

Covid-19 har påverka både tilsette og elevane i denne perioden også. Ein del heimeskule og stadige endringar i smittvernreglane har vore utfordrande for mange. Ein del felles aktivitetar har blitt avlyst, men heldigvis kunne vi mellom anna gjennomføre juleavslutninga ved skulen med alle elevane samla. Det var stor stas for elevane at føresette og andre interesserte kunne sjå denne digitalt.



Skulefritidsordning- SFO

Barnetalet 1. januar var 29 stk. med ulik fordeling mellom morgon, ettermiddag og ferie-SFO. Berre 11 born hadde ferie-SFO. Ved start av nytt SFO-år i august var samla barnetal 21. SFO har i tillegg tilsyn med elevar frå småskulesteget som må vente på skuleskyss.

Det er i alt 6 tilsette med ulike stillingstørrelsar, frå 6-16 timar pr. veke, knytt til SFO. Samla utgjorde det i underkant av 2,5 stillingar vårhalvår og om lag 2,25 stillingar hausthalvår. 5 av 6 har fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Vi starta også 2021 med koronautfordringar som ga uheldige konsekvensar som: avgrensa aktivitetar, leikeområde og kohortar, mindre sosial læring i barnegruppa pga. aldersdeling, meir personale pga. bemanning av to kohortar, slitasje på personalet og stadig endring i planar. Det var også utfordring med sjukmeldingar på starten av året som medførte meirarbeid/overtid og ulike vikarar. Ros til personalet og vikarar som sto på som gjorde at vi greidde å bemanne to og tre kohortar. Det var ein fin, kald vinter med mykje god uteleik. Takk til Simek som monterte ei skøytebane sør for Stordalshallen. Der var god is ein lang periode, og SFO nytta den godt. Mange prøvde skøyter for første gong. Frå veke 20 var det full bemanning og opning for felles leik ute mellom kohortane. Det medførte mykje fin leik og nye relasjonar mellom barna frå dei ulike kohortane. SFO fortsette også som ansvarleg for StikkUT-posten Grigås natursti.

Under sommarskule var SFO Stordal arrangør på tre av dagane, medhjelpar på ein og SFO deltok på andre aktivitetar. Dette er ein fin måte å nytte personalressursar på tvers av fast arbeidsstad. Stordal barnehage vart også hjelpt med personale frå SFO i ferie-SFO tida. Frå hausten av var vi endeleg tilbake i SFO-lokala. Det var stor trivsel både blant barn og vaksne å få vere saman i dei rette SFO-lokala og sleppe oppdeling i kohortar på klasseromma. Ny fin kjøkkeninnreiing vart tatt i bruk. Gruppe av ungdomsskuleelevar på innovasjonscamp i 2019 fekk i oppgåve å planlegge denne, og løysinga deira vart brukt. Kjekt når gode idear og løysingar blir realitet!

I veke 42 opna SFO vindaugsutstilling på Frivilligsentralen der publikum var inviterte. Vindaugsutstillinga er slik at ein nyter kunstverka utandørs og kunstverka blir skifta med jamne mellomrom.

1. august 2021 vart det innført nasjonal rammeplan for SFO. Personalet har arbeida med kursing i Rammeplanen, og innføring av den haust -21. Det nyttige kurs som undervisningsinspektør Lise Merete Bull sette saman frå ulike modular frå Utdanningsforbundet, fordelt på tre kurskveldar Ho var ein dyktig forelesar/kursleiar. Arbeidet med rammeplan blir vidareført framover.



10.5 Valldal skule/SFO

Valldal skule hadde dette året 146 elevar frå 1-10. klasse, fordelt på ei klasse på kvart trinn med gjennomsnittleg 14 elevar pr. klasse. Skulen har hatt 12 elevar frå Liabygda. Vi har vore 33 tilsette med lærarar, miljøterapeutar, barne- og ungdomsarbeidarar/assistentar og merkantilmedarbeidar fordelt i ulike stillingsprosentar. Dette året har vi hatt 15 elevar med vedtak om spesialundervisning, og 4 elevar med særskilt språkopplæring.

Målsettinga i 2021 for Valldal skule var å skape eit endå betre læringsmiljø gjennom god klasseleiing og med fokus på fleirfagleg og tverrfagleg arbeid. I den samanheng vart det arbeidd med ny timeplan/dagsplan der vi gjekk frå undervisningstimar på 45 minutt til 60 minutt. Dette har fungert veldig bra, med godt fornøgde både elevar og lærarar. I samband med ny læreplan og nye kompetansemål må ein gjere innkjøp av nye læreverk. I løpet av våren vart det difor ulike læreverk vurdert, og det vart laga ein plan for utprøving og innkjøp av både bøker og digitale læremiddel. I haust var skulen med i eit kompetansehevingsprosjekt innan Profesjonsfagleg Digital Kompetanse (PfdK) via Høgskulen i Volda. I dette prosjektet hadde vi fokus på bruk av digitale verktøy innan tilpassa opplæring. Når det gjeld digitalisering er vi på god veg til å nå måla, men ser at det kan bli vanskeleg økonomisk å kunne tilfredstille dei stadig auka krava til både digitale einingar (PC, nettbrett, skjermar) og behov for lisensar på digitale læreverk.

MOT sitt program på ungdomssteget har vore i eit viktig bidrag i arbeidet med å skape eit godt læringsmiljø ved å utvikle robust ungdom som inkluderer alle. Vi har også no Unge MOTivatorar som er med på å legge til rette for kjekke fellesaktivitetar blant elevane.

Skulen har hatt fire lærarar på vidareutdanning i faga engelsk, naturfag og spesialpedagogikk.

Seks lærarar har også delteke på kompetanseheving innan programmering i regi av Sunnmøre regionråd og NTNU.

I haust har vi hatt fleire tilsette i langtidssjukemelding, i tillegg til ein del kortidsfråvær. Dette har skapt ein lite føreseieleg personalsituasjon, då med store utfordringar i å finne vikarar som er fagleg kvalifiserte og som kan stette alle behova i skulen.

Skulen har også dette året vore påverka av Covid-19 med heimeskule i ei periode, og stadig endringar i forhold til nye smittevernreglar. Dette har sjølvstøtt påverka elevane og sett avgrensingar for kontakt og samspel på ulike område, men vi har likevel fått til god undervisning og fleire kjekke aktivitetar.



Skulefritidsordning -SFO

SFO har 20 barn på heil-/ eller deltidsplass frå 1-4.klasse. Det er i alt 4 tilsette med ulike stillingsstørrelsar knytt til SFO, samla rundt 1,5 stilling. Desse stillingane er kombinerte med assistentstillingar i skulen. Alle har fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

På SFO har det vore gjennomført aktivitetar knytt til ulike årstider, turar i nærområdet, matlaging og mykje frileik ute og inne. Personalet har hatt fagleg oppdatering og arbeid med ny rammeplan for SFO.

Langtidssjukmeldingar i ulike prosentar har vore ei utfordring på SFO dette året. Dette har ført til mykje innleige og skifte av vikarar, samt utfordring med å ha nok personale til å kunne oppretthalde opningstidene både tidleg og seint på dagen. Vi har likevel fått det til å gå i hop utan det har gått utover tilbodet til elevar og føresette. Tilbod om SFO med søskenmoderasjon og gratis plassar for familiar med låg økonomi gir eit økonomisk overforbruk.



10.6 Fjord vaksenopplæring

Fjord vaksenopplæring har hatt 1 tilsett i ca. 30% stilling, og 5 elevar for vaksne med nedsett funksjonsevne dette året. Desse elevane har hatt undervisning fordelt på to dagar pr. veke. Ei gruppe i lokala til ungdomsklubben på Martin Linge huset, og ei gruppe i samarbeid med Byrg/Glimt i deira lokale. Desse elevane har fokus på vedlikehald av grunnleggande ferdigheiter innan lesing, skriving, rekning, digital kompetanse og kvardagsferdigheiter.

Det vart frå januar til mai gjennomført norskopplæring for 16 arbeidsinnvandrarar frå ulike bedrifter i Fjord kommune og frå Geiranger. Det har også vore gjennomført to prøver i samfunnskunnskap for personar som skal søkje om statsborgarskap.

To innvandrarar med rett og plikt til norskopplæring har i haust delteke på kurs på Stranda. Dette er meir kostnadssparande grunna lite påmelding/behov i Fjord kommune.

Tilskot frå IMDI og kursavgifter/inntekter gjer at vaksenopplæringa har eit økonomisk mindreforbruk.

10.7 Eidsdal skule / SFO

Kort skildring av Eidsdal skule og SFO

Barne- og ungdomsskule. Elevtal 2021/2022 er 49 elevar. Skulen er organisert fådelt slik at dei ulike trinna delvis går saman. 1 - 2 klasse og 3 - 4 klasse går saman. Mellomtrinnet går saman i mange timar og ungdomstrinnet går saman i mange timar. Dette inneber ein kostnadseffektiv driftsmodell.

Skulen er midt i verdsarvområdet for fjord landskapet. Skulen definerer seg som ein verdsarvskule. Dette inneber turar til nære lokalitetar i verdsarvområdet og undervisning med tilknytning til desse. Planverket ved skulen har i seg mykje fokus på verdsarvområdet der dette knyter naturleg an til læreplanmåla. Det har vært jobba med rullering av planverket for verdsarvskulen Eidsdal.

Gjennom året har skulen gjennomført prosjektet Urørt. Her har vi fått finansiering gjennom vernemyndighetene på fylkesnivå. I prosjektet har vi samarbeidd med friluftsrådet og tatt mot praksisstudentar frå Høgskulen i Volda. Prosjektet har gitt skulen moglegheiter til turar for alle trinna gjennom året. Fokus har vore berekraftig bruk av våre nærrområde innanfor verdsarvområdet.

Bemanning/Elevar	2020	2021
Tilsette	13	16
Tilsette, årsverk	11,4	11,4
Antal elevar	52	49
Antal barn på SFO	6	7
Barn med spes.undervisning	9	10

Kommentar til drifta

Eidsdal skule har stor stabilitet i kollegiet, med svært låg turnover. Skulen har historisk òg hatt lågt sjukefråver. I korona perioden har dette sjølvsagt vorte høgare knytt til smittevernreglane. Gjennom skuleåret har det vore tre tilsett i langtids sjukefråver.

Skulen har i utgangspunktet 11 lærarar der to har redusert stilling i 60% og 80%. Ein lærar er i foreldrepermisjon ¾ av året.

Rektor og ein inspektør har utgjort totalt 130% administrativ ressurs. Skulen har ikkje merkantilt personale tilsett. Rektor har og overordna oppgåver innan digital kompetanse/IKT i oppvekstsektoren i om lag 30% stilling. Sjukefråver har gitt skulen eit behov for omlegging av timeplanar, noko som har vore krevjande.

På våren har ein brukt fellestida til Utdanningsdirektoratets Kompetansepakke for innføring av nytt læreplanverk i skulen sin felles planleggingstid. Arbeidet har og vært fulgt opp i arbeidslaga, som er organisert på trinn nivå.

Som eit ledd i den digitale kompetansehevinga har stadig meir av skulen sin informasjon til, dialog og kommunikasjon med kollegiet vore flytta over på digitale plattformer. Skulen er og komst langt i bruken av IST som det skuleadministrative systemet. Det inneber blant anna personleg tilpassa timeplan for kvar elev tilgjengeleg på nett. Også foreldre har pålogg og kan følgje med i sine barns fråverslogg og karakterar.

Gjennom hausten har skulen fulgt PfdK (profesjonsfaglig digital kompetanse). Dette har vært levert av Høgskulen i Volda gjennom DeKomp. Kurset viste seg å bli kort og hektisk. Kollegiet melder likevel

tilbake at det har gitt god kompetanseheving. Dei melder også eit behov for å kunne utvikle dette vidare. Hyppige kurs gjennom DeKomp når all forskning tilseier at skolebaserte utviklingsprosjekt tar 3 – 6 år opplevast krevjande.

Skulen har og hatt behov for og jobba med utviklinga av skulemiljøet. Rektor tar vidareutdanning i skulemiljø og leiing. Gjennom hausten har det vore gjort førebuing for oppstart av eit skolebasert utviklingsprogram innan skule-, læremiljø og mobbing. Tanken er å starta opp med Udir sin kompetansepakke "Trygt og godt skulemiljø" utover våren 2022.

Eidsdal skule har blitt medlem i UNESCO sitt Associated Schools Network, et skolenettverk som satsar på internasjonalt undervisning. [The World Heritage in Young Hands](#) er et av ASPnets flaggskip-prosjekt og passar godt for Eidsdal skule som en verdsarvskule. ASPnet er eit globalt nettverkt med 35 medlemsskular i Noreg og rundt 10 000 medlemsskular på verdsbasis.

Eidsdal skule har òg knytt seg til FN-sambandet og vorte FN-skule. Dette gir skulen tilgang til eit nettverk av skular og undervisningsmateriell knytt til fagfornyinga. Eksempelvis om FN sine berekraftsmål som går direkte inn i dei nye fagplanane

Skulen har hatt fire lærarar på vidareutdanning i faget engelsk

Skulefritidsordning SFO

SFO har 7 barn på heil-/ eller deltidsplass frå 1-4.klasse. Det er ein tilsett i 40% knytt til SFO, i tillegg samarbeidar vi med Dalsbygda barnehage når elevane har fri onsdagar og annankvar torsdag

På SFO har det vore gjennomført aktivitetar knytt til ulike årstider, mykje frileik ute og inne. Den tilsette har jobba med ny rammeplan for SFO.

Mål for verksemda 2021

Mål 1	Videre utvikle sosialt og faglig læringsmiljø
Mål 2	Kompetanseheving knytt til fagfornyinga (vår 21). Udir sin kompetansepakke om fagfornyinga Kompetanseheving knytt til PfdK (haust 21). I samarbeid med Høgskulen i Volda gjennom DeKomp
Mål 3	Kompetanseheving innan digital kompetanse for elevar og tilsette

10.8 Kulturskulen

Fjord kulturskule er organisert som ei eining med tre undervisningsstader – Stordal, Valldal og Eidsdal. Fleire av lærarane underviser i begge avdelingar. Frå hausten 2021 har kulturskulen hatt 129 ordinære elevplassar fordelt på 111 elevar. Dette er ein oppgang frå fjorårets 100 elevplassar.

Tilbod

Kulturskulen har det siste året hatt tilbod i ulike musikkfag; opplæring på treblåseinstrument, messinginstrument, slagverk, fele, piano, song, gitar og «Musikksprell». Gruppetilbodet «Musikksprell» er for småskuleelevar, og har frå hausten bestått av 8 elevar frå 1.-3. klasse. «Musikksprell» har til no kun vore gitt til elevar i Stordal.

Opplæringa på blåseinstrument er i samarbeid med dei tre skulekorpsa i kommunen. Frå hausten 2021 har vi gitt tilbod om «Korps i skulen» for elevar i 3.-4. klasse ved Valldal skule. Her har 21 elevar lært seg å spele på kornett og klarinett. Tilbodet er eit samarbeid mellom kulturskulen, Valldal skulekorps og musikk lærarar ved Valldal skule.

Frå hausten 2021 har kulturskulen også gitt tilbod om «Biletkunst». Dette er eit tilbod på tvers av avdelingane med undervisning i Stordal. Dette har vore eit samarbeid med den lokale kunstnaren Sølvi Lill Seljebotn. I 2021 gav vi også eit tilbod innan dans. Dette har ikkje vore eit fast tilbod, men har blitt gitt over to prosjektperioder på ca. 2 månadar.



Kulturskulen tilbyr dirigenttenester for skulekorpsa med 30% subsidiering av utgiftene. Valldal skulekorps og Stordal skulekorps har nytta seg av tilbodet i 2021, medan Eidsdal musikkorps takka nei og leiger dirigent privat.

I Valldal har kulturskulen også hatt eit tilbod om tilrettelagt musikkaktivitet for vaksne brukarar.

Personalressursar

Ressursar	2020	2021
Antal årsverk	3,0	3,0
Herav administrasjon	0,5	0,5

I 2021 har vi etablert eit godt samarbeid mellom avdelingane, og vi arbeider med å skape endå betre tilbod og samtidig benytte oss av dei fantastiske lærarressursane vi har i kulturskulen. Utfordringa er at vi framleis har mange tilsette i små delstillinger, og er i stor grad avhengig av å leie inn lærarar frå andre kulturskular. Dette gjer samarbeidet mellom lærarane vanskeleg, då alle har andre hovudarbeidsgjevarar og dermed utfordringar med møteaktivitet, konsertar etc.

Konsertar/aktivitetar

På grunn av pandemien har vi ikkje fått gjennomføre dei større arrangementar som vanleg det siste året, blant anna måtte julekonsert i Valldal og Eidsdal gå ut, medan vi klarte å gjennomføre i ein mindre skala i Stordal. Vi har hatt nokre mindre arrangement, som sommaravslutning, underhaldning på alders-/sjukeheim og interne elevkonsertar. Kulturskulen deltok også med musikalske innslag på markeringa av Martin Linge-huset sitt femårsjubileum. «Biletkunst» hadde i månadsskiftet november/desember utstilling i Stordal der ein kunne sjå og oppleve alt det fine elevane hadde laga i løpet av hausten. Ein utruleg fin utstilling full av fargar, mønstrar og ulike materialer. I begynnelsen av desember fekk danseprosjektet gjennomført avslutningsforestillinga for prosjektperiode 1, ei forestilling med 37 medvirkande elevar.

Kommentarar til rekneskap 2021

På grunn av vakante stillingar i personalet vart lønnsutgiftene ein god del mindre enn det som var budsjettet. Vi fekk difor eit overskot på kr. 600.000 i drifta. Vi har klart å nå alle måla vi hadde for verksemda i 2021, men vi skulle gjerne hatt ei større ramme økonomisk til å kunne utvide tilboda med undervisning endå meir - særleg når det kjem til fordjuping og rekrutteringsarbeid.

10.9 Biblioteka

Biblioteka hadde i 2021 1,90 % stilling fordelt på Valldal, Eidsdal og Stordal. Omtrent 7 % av personalressursen vart nytta på Eidsdal skule.

Avdeling Stordal er eit kombinasjonsbibliotek, 40 % stilling folkebibliotek og 10 % stilling skulebibliotek.

Mål for verksemda

Bibliotektenesta i Fjord kommune skal vere aktuell, allsidig og ha kvalitet.

Bibliotektenesta skal omfatte alle, også dei som har spesielle vanskar med å bruke biblioteket.

Vi skal auke besøka og utlånet av medier. Vi skal nå nye brukarar.

Vi har i løpet av året kunne hatt fleire aktivitetar enn i 2020. Biblioteket i Valldal har kun vore koronastengt 2 dagar før påske i 2021.

I samband med Sommarles-konkurransen har vi hatt store Sommarles-festar både i Valldal og Stordal.

Biblioteka har hatt 4 forfattarar i regi av Litteraturhus i Møre og Romsdal. Vi fekk desse arrangementa 2 stader, i Valldal og Eidsdal. 2 for barn og 2 for vaksne.

Barnebokforfattarane var på skulane for å nå flest mogelege barn.

Vi har hatt «SOFA» arrangement i Valldal og «Løfse og småprat» i Stordal. Vi vil utvikle biblioteket som møtestad enda meir.

Stordal har hatt «Litterært pusterom» som også kallas «Shared Reading». Bibliotekaren les ein tekst som blir snakka om undervegs av deltakarane.

Biblioteksjefen sit i styringsgruppa for prosjektet «Valldal 2029». Valldal har eit særskilt ansvar for markeringa i 2029 : Nasjonaljubileet Norge i tusen år 2030 [Forside 2020 - Norge i tusen år \(norgeitusenaa.no\)](https://norgeitusenaa.no).

I dette prosjektet har biblioteket i Valldal hatt 2 arrangementer til no: Om Pilegrimsleden og Heilag-Olav i Valldal.

Bibliotekaren i Stordal hadde eventyrstunder i Tafjord i fjor sommar under Supersommar.

Biblioteket i Valldal hadde bokslepp av Bjørlykke si bok «Med egne hender».

Valldal har faste dagar for Sjakklubb og seniornett på biblioteket.

Lokala i Valldal blir også mykje nytta utanom opningstida av frivillige organisasjonar.

Utlån til barn auka med 1500 bøker frå 2020 til 2021. Besøkstala auka (frå 5572 i 2020) til 8022 personar i 2021.

10.10 Ungdomsarbeid/Ungdomsklubbane

Ungdomsklubbane er viktige tilbod for ungdommane i Fjord kommune. Det er tre ungdomsklubbar i kommunen – der alle tre har ulik organisering. Også denne sesongen har vore prega av pandemien og ungdomsklubbane har vore stengt i periodar. Likevel er det kjekt å registrere at alle er godt besøkt på klubbkveldane.

Stordal ungdomsklubb er kommunal og hadde i 2021 budsjett som dekker husleige. Dagleg leiar av frivilligsentralen koordinerer ungdomsklubben og har to til tre vakter i løpet av sesongen. Har klubbkveldar laurdagar, der foreldre til elevar i ungdomsskulen er vakter. Ungdomsklubben er samlokalisert med frivilligsentralen og driftar også musikkverkstaden. Ungdomsklubben leiger ut lokalet til barnebursdag private.

Sylte ungdomsklubb i Valldal har frå 2016 vore ein foreldrestyrt, frivillig organisasjon og disponerer to rom gratis i ML-huset. Har klubbkveldar onsdagar, i tillegg til at dei har starta opp med open hall ein fredag i månaden.

Eidsdal ungdomsklubb er organisert under Eidsdal-Norrdal Røde Kors og er foreldrestyrt. Fjord kommune betaler husleige for ungdomsklubben sin bruk av Røde Kors-huset. Eidsdal ungdomsklubb har klubbkveldar om lag ein fredag i månaden.

Vi har nettopp starta ein dialog om korleis ungdomsklubbane i kommunen kan driftast i framtida.

Det er ikkje definert stillingsprosent knytt til koordinering av Stordal ungdomsklubb eller koordinator for barn og unge.

10.11 Frivilligsentralane

Frivilligsentralane blir drifta ut frå lokale føresetnader og behov. Aktivitetar byggjer på frivillig innsats, bidreg til å skape sosiale møteplassar og legg til rette for lokal frivillig verksemd. Det har vore 1,5 årsverk knytt til sentralane, 100% i Stordal og 50% i Valldal. Stillinga i Valldal var vakant i perioden april-oktober, men aktuelle oppgåver var utført via Stordal frivilligsentral. Sentralane har felles vedtekter og skal ha eit felles styre som består av representantar frå lag og organisasjonar, samt representantar oppnemnd av Fjord kommune. (Det blir jobba med å få på plass eit styre).

Frivilligsentralane har sidan oppstarten blitt ein møteplass og arena for mangfaldig aktivitet i kommunen. Frivilligsentralane har ei lang rekkje tiltak og lågterskel aktivitetar retta mot ulike aldersgrupper og personar med ulike funksjonsnivå. Nokre av aktivitetane er i samarbeid andre einingar, lag og organisasjonar eller enkeltpersonar. Det har vore eit nært samarbeid mellom dei to sentralane i 2021. Grunna pandemien var det mindre aktivitet og sosiale møteplassar var i periodar stengde. Frivilligsentralane har god oversikt over lag og organisasjonar i kommune og via e-post informerer vi om ulike tilskotsordningar og andre aktuelle saker knytt til frivilligheita.

Frivilligsentralen i Norddal er samlokalisert med biblioteket på rådhuset i Valldal. I lokalet er det aktivitetar både i regi av frivilligsentral og bibliotek (i samarbeid eller kvar for seg) og i regi av frivillige. Lag og organisasjonar kan låne lokalet gratis til møter og aktivitet. Faste aktivitetar i regi av frivilligsentralen er m.a. Frukosttreff (på stova på VTS), SOFA og Seniornett i samarbeid med biblioteket og småbarnstreff.



Frå open dag på Frivilligsentralen i Norddal hausten 2022.

Stordal frivilligsentral er samlokalisert med Stordal ungdomsklubb i Stordal Næringsbygg. Fast opningstid to dagar i veka og både i opningstida og utanom er det aktivitet i regi av sentralen og/eller i regi av frivillige lag og organisasjonar. Ungdomsklubben leiger ut lokalet til private selskap. Faste aktivitetar i regi av frivilligsentralen er m.a. Herreklubb, dametreff, vaffeldag, strikketreff og Åpent hus for menneske med nedsett funksjonsevne.

Utstyrsbase for aktivitet og friluft er lokalisert i Stordal og drifta av Stordal frivilligsentral. Her kan alle låne gratis friluftsutstyr. Vi legg til rette for at lånarar kan hente/levere utstyr også i Valldal eller Eidsdal.

Supersommar var arrangert også i 2021 med midlar frå Bufdir og Udir (midlar til sommarskule). Dette resulterte i over 30 ulike aktivitetar over fem veker for 1.-10.klasse. Her var det gratis deltaking og tilrettelagt med transport til og frå aktivitetane. Dette var eit samarbeid mellom kultur, skuler/SFO, lag og organisasjonar, samt lokalt næringsliv. Alle aktivitetar var lagt til Fjord kommune.



Tre dagar med svømmeskule i Tafjord, Valldal aktivitetspark med 75 deltakarar og 25 frivillige, og kveldstur til Kulå Bowling/Troll Dungeon med nesten 40 deltakarar i 5.-10 klasse var nokre av aktivitetane under Supersommar 2021.

Den kulturelle spaserstokk (DKSS) er ei nasjonal kultursatsing som har som mål å sørge for profesjonell kunst—og kulturformidling av høg kvalitet til eldre. Ordninga skal også bidra til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod der dei bur. Stordal frivilligsentral er ansvarleg for denne ordninga og står for søknad, rapportering og koordinering av kulturformidlarar til institusjonane. Grunna pandemien var det meste av aktivitetar avlyst i 2020, og midlar overført til 2021. I 2021 var det fylkeskommunen som organiserte ein turné som kommunane i fylket fekk besøk av. I tillegg fekk vi gjennomført nokre få konsertar på institusjonane.

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» er eit av mange område som frivilligsentralane har vore involvert i. Frivilligsentralane deltok i utarbeiding av handlingsplan og arrangerte dialogmøter ute i bygdene.

Frivilligsentralane søker om eksterne midlar til ulike aktivitetar og utstyr – både til barn, unge og seniorar – også i samarbeid med andre einingar, som t.d. oppvekst og helse. I 2021 fekk vi tildelt midlar frå Statsforvaltaren til å arrangere «Eldre ut på middag» - noko som resulterte i at om lag 250 av kommunen sine seniorar over 65 år kunne samlast til middag på ulike spisestadar i kommunen.



Litt av vindusutstillinga til SFO ved Stordal skule på Stordal frivilligsentral i 2021.

10.12 Folkehelsearbeid

Fjord kommune har 50 % stilling som folkehelsekoordinator. Folkehelsearbeidet var knytt til eining for digitalisering, plan og beredskap, frå november vart det endra til kommunalsjef oppvekst, kultur og næring .

Folkehelsearbeidet er hovudsakleg knytt til samfunnsutvikling (planarbeid), tverrfagleg førebyggjande arbeid og friluftsliv/fysisk aktivitet. Folkehelsearbeidet er sterkare knytt til frivilligsentralen og kultureininga sidan endringa i november.

Fjord kommune signerte samarbeidsavtale om God Helse og strategisk folkehelsearbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune 2020-2023. Folkehelseoversikt for Fjord kommune vart utarbeidd i 2019 og Ungdata-undersøkinga gjennomført i 2020.

Folkehelsekoordinator gjennomførte registrering av indikatorar for berekraft i Fjord (2020-2021), og er kontaktperson for prosjektet Berekraftfylket Møre og Romsdal.

Deltaking i StikkUT! og arbeid med oppgåver knytt til friluftsliv, skilting og merking går kontinuerleg. Bygdene Dyrkorn og Stordal kom også med i dette arbeidet for skilting og merking i 2021. Arbeidet er i samarbeid med verdsarvstiftinga i Geiranger og sikrar likskap i merkinga i alle bygdene i Fjord og Stranda. Kommunen fekk tildelt midlar for utarbeiding av plan for friluftslivets ferdselsårer i 2022. Det vart også oppstart av arbeid med statleg sikring av friluftsområde i Fjord, i samarbeid med Sunnmøre friluftsråd. Kommunen har ingen statleg sikra område utanom parkeringsplassen ved Arena Overøye.



Pilegrimsarbeidet knytt til Valldalsleia er lagt til folkehelsekoordinator og Fjordhagen; prosjektet Valldal 2029. Valldal og Møre og Romsdal er tildelt nasjonaljubileet i 2029 med tittel Olav i folketradisjonen. Prosjektet oppretta styringsgruppe og gjennomførte to foredrag på biblioteket i Valldal, prøvegåing av ein etappe og deltok på erfaringskonferanse på Hundorp. Fleire planar blir lagt for åra som kjem.

Folkehelsekoordinator er kontaktperson for Norges Nasjonalparkkommuner i Fjord. Planlegging av konferanse i Valldal juni 2021 tok mykje tid, men vart utsett til juni 2022 pga. koronapandemien. #minnasjonalparkopplevelse: Deltaking i aktivitet på sosiale media i regi av Norges

Nasjonalparkkommuner for å løfte fram verneområda knytt til Reinheimen i Fjord. Vi deltok med innlegg knytt til tur i Tafjordfjella og villreinen i Litlelangdalen. Denne aktiviteten held fram i 2022.

Folkehelsekoordinator deltek også i arbeidet med Leve heile livet-reforma. Det vart gjennomført tre dialogmøte med innbyggjarane og over 200 personar deltok på arrangementet Eldre ut på middag, med støtte frå Statsforvaltaren. Folkehelsekoordinator koordinerer og er kontaktperson for tverrfagleg førebyggjande forum for barn og unge i Fjord, der kommunale tenester og andre aktuelle instansar deltek. Oppstart oktober 2021. Markering av verdsgdagen for psykisk helse vart gjennomført med ope hus på Fjord bibliotek, Valldal.

Folkehelsekoordinator stod også bak utarbeiding av Ruspolitisk handlingsplan og alkoholpolitiske retningslinjer i 2020/2021, i tillegg til samfunnsdelen av kommuneplanen. Andre oppgåver er arbeid med Fjord kommune si nettside og opplevfjord.no, og saksbehandlar for spelemidlar for idrett og kultur med hovudansvar for søknadar knytt til tidlegare Norddal.

10.13 Martin Linge-huset

Martin Linge-huset, offisielt opna oktober 2016. Bygget er inndelt i ein idrettsdel med ny og flott idrettshall og tilhøyrande fasilitetar. Kulturdelen rommar ein stor kultursal, 2 tilstøytande rom for mindre arrangement, 3 undervisningsrom for kulturskulen, samt lokale til ungdomsklubben i 3.etg. I tillegg til faste treningar/øvingar gjennom året, driv vi i tillegg med utleige av lokale til store og små arrangement. Driftskoordinator er tilsett i 30% stilling.



Aktivitet gjennom året: Treningar og øvingar har til ei viss grad gått som normalt, innafor dei restriksjonar som til ei kvar tid har vorte gitt. Brukarane har vist stor vilje til å innrette seg etter det som er gjeldande.

I oktober kunne vi markere 5-års dagen for opninga av huset. Det vart eit fint arrangement i kultursalen, der dei ulike brukargruppene hadde høve til å presentere seg.

Utleige: Utleige, av typen som gir leigeinntekter, har også i 2021 vore prega av pandemien. Fleire større, planlagde arrangement har vorte avbestilt grunna restriksjonar. Kalkulerte leigeinntekter har difor også i 2021 uteblitt. Kommunale arrangement, som kommunestyremøte, kursvirksomheit osv., har vi hatt ein del av. Store og gode lokale, som gir gode forhold for å overhalde smittevern, har gjort dette mulig. Kommunale arrangement gir derimot ikkje inntekter i kassa. I tillegg har lag og organisasjonar brukt huset, i den grad det har vore mulig, til medlemsmøter og anna møtevirksomheit. Den planlagde Bygdafesten, som vi brukar å ha på vårparten, måtte vi avlyse. Gode inntekter uteblei, men som ein kompensasjon fekk vi tildelt kr 42.250 i koronastøtte.

Premisser/måloppnåing: Covid19 har dessverre hatt stor innvirkning på drift/bruk/utleige av huset også i 2021. Til tider lite aktivitet på huset, noko som gir lite inntekter. Inntekter frå hallreklame er stabil.

10.14 Stordalshallen

Stordalshallen vart offisielt opna 25. januar 1997 og feirar dermed 25 årsjubileum i 2022. Realisert takka vere unik dugnadsinnsats (over 30 000 timar) og at alle gode krefter spela på lag. Vidareføring av dugnadsånd - samt eit særers vellukka profileringskonsept har vore avgjerande for eit godt resultat også økonomisk. Drifta av Stordalshallen desse åra har definitivt ikkje vore til noko belastning med tanke på den kommunale rekneskapen. Samanlikner ein inntekter og utgifter, har ein faktisk gått i pluss.

Stordalshallen har idrettshall, grendasal, skytebane og klatrevegg. Fire garderobar + to dommar-garderobar, samt 14 toalett. Brukbart med lagerplass. Tilbygg til hallen ferdigstilt i 2014 og også då imponerende dugnadsinnsats. Over 2 000 dugnadstimar registrert. Samtidig samla Stordal IL inn kr 500.000 i gåver. Spelemidlar utgjorde rundt 33%.

Med over 2 mill brukt på utstyr gjer også dette at Stordalshallen er særers attraktiv i høve til besøkande grupper. Dette gjer at det er stor aktivitet også i helgane, mest heile året rundt og faktisk ei utfordring å finne ledig plass til alt. Drifta av Stordalshallen er på mange måtar ulik den øvrige kommunale drifta. M.a. er satsinga på profilering av avgjerande betydning.

Økonomi

Profileringskonseptet er fortsatt den viktigste årsaka til at Stordalshallen går så bra økonomisk men utviklinga peikar i feil retning. På få år har ein gått frå kr 530.000 til kr 430.000 og det hastar å få snudd denne utviklinga. Skal ein lukkast med det, må det lyttast til det driftsstyret har peika på. Ein må ikkje minst syte for at dugnadsinnsats og anna form for støtte igjen må kome Stordalshallen til nytte. Gjennom driftsavtalen låg det meste til rette for at ein skulle kunne få til dette.

Rekneskapen for 2021 viser følgjande:

	Rekneskap	Budsjett	
Stordalshallen, drift	-4.369	-73.862	Vanlig drift, reklameplass, lønn dagl.leiar etc.
Stordalshallen, eignedomsdrift	346.713	562.500	Byggdrift, vedlikehald,straum,komm.geb.etc
Investering	136.000	140.000	Innkjøp av 50 nye bord

Det er ikkje kome inn øyremerka gåvemidlar i 2021, og saldo på bunde fond for Stordalshallen er kr. 8.372 pr. 31.12.21.

Pandemi / Aktivitetar

Nedstenging har medført bortfall av leigeinntekter på rundt kr 300.000 dei to siste åra. Kommunen har fått kompensert dette delvis i form av ekstraløyvingar. Dette har kome som midlar i samband med rammetilskot, og er ikkje ført mot eininga.

Gledelegvis fekk grenda Øvrebust likevel gjennomført ein særst flott årsfest, sjølv om dei måtte utsette denne fleire gongar. Det økonomiske resultatet vart kr 40.000 i overskott. Overskotet frå årsfesten 2020 bidrog til at Stordalshallen har fått på plass 50 nye bord med tilhøyrande transportvogner. Overskott frå årsfestane, er det no «Stordalshallens venner» som rår over der overskotet frå 2021 på kr 40.000 blir ståande på deira konto tenkt nytta som ein «buffer» tilgjengeleg i høve komande årsfestarrangement. Dermed er det ikkje tilført gåvemidlar til Stordalshallen i 2021.

Ein må også syte for at all støtte på anna vis kjem Stordalshallen til gode, anten dette no gjeld profileringskonseptet, årsfestar, frivillige som stiller opp som instruktørar og andre bidrag i samband med små og store arrangement, dugnadsinnsats eller anna.



Øvrebust sin årsfest november 2021.

11 NÆRING

Ansvar for næringsutviklingsarbeidet i Fjord kommune er lagt til kommunalsjef for oppvekst, kultur og næring.

Strategisk næringsplan - «Gode vekstforhold» vart vedteken i kommunestyret 24.06.2021. Det vart også vedteke å opprette eit 2-årig prosjekt «Vekst i Fjord» frå 01.01.2022. I prosjektperioden skal det avklarast om der er grunnlag for å etablere eit selskap «Fjord Invest AS». I den vidare prosessen har ein gjennom 2021 gjort vedtak om prosjektplan som skal vere styrande i prosjektperioden. Som ein del av den saka vart det også sendt søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune om fagleg og økonomisk støtte. Søknaden vart imøtekomen og Fjord kommune vil i prosjektperioden motta inntil kr 2.150.000,-

Det er også oppretta ei styringsgruppe for prosjektet, med Reidar Andresen som styreleiar.

Avtalen med Fjordhagen AS om næringsutviklingsarbeid er vidareført for 2022 slik den har vore tidlegare. Konkretisering og prioritering av oppgåver knytt til næringsutviklingsarbeidet vert gjort i samråd med kommunalsjef. I tråd med kommunestyret sitt vedtak (oppmoding), sendte Fjordhagen AS hausten 2021 inn søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune om å bli kvalifisert til opptak i SIVA sitt næringshageprogram i 2022 (siste år av inneverande programperiode). Søknaden nådde ikkje opp i konkurransen og Nordveggen AS i Rauma fekk tilslaget. Fjordhagen AS har følgd råda ein fekk i møte med fylkeskommunen i etterkant av avslaget om å sjå på eit større regionalt nedslagsfelt, og har derfor inngått avtale med Nordveggen AS om å levere tenester og målbedrifter inn i Nordveggen AS sitt næringshageprogram i 2022. Partane har målsetting om forlenging av avtalen frå 2023 ved nytt opptak i Næringshageprogram. Dette vert avgjort 01.12.2022.

Litt fakta:

I følgje Statistisk sentralbyrå så var det 24 nyetableringar i Fjord kommune i 2021. Det er 6 færre enn i 2020, men framleis på eit høgt nivå. Det er 9 etableringar per 1000 innbyggjarar i Fjord, det same som gjennomsnittet i Møre og Romsdal. For landet totalt er tala noko høgare, 13 etableringar per 1000 innbyggjarar.

- 37,5% av bedriftene i Fjord som starta i 2013 hadde overlevd 5 år etter. Dette er høgare enn både snittet for Møre og Romsdal som var på 32% og for landet som var på 28%
- Det har vore ein nedgang i tal på sysselsette på 2,6% frå 2019-2020. Møre og Romsdal og landet totalt har hatt ein nedgang på 1,1%.
- Per 31.12.2021 hadde Fjord kommune 6 miljøfyrtårnsertifiserte bedrifter, dette er to færre enn i fjor. Det positive er at fleire bedrifter er i prosess med å bli godkjent. Ei bedrift er ISO14001-sertifisert.

11.1 Vekst i Stordal

Prosjektet Vekst i Stordal (ViS) blei etablert i Stordal kommune i 2014. Målet er å medverke til 75 nye arbeidsplassar og aktivitet i ledige industrilokale. Prosjektet var i utgangspunktet fireårig med start i 2014, og er finansiert med midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, RDA-midlar og Stordal kommune/Fjord kommune

Vekst i Stordal sine overordna strategiar er:

- Tiltaka til ViS vil i hovudsak byggje på kvalitetane Stordal og næringslivet har frå før
- Prioritere tiltak som koplar fleire verksemder saman og som kan gi direkte og indirekte sysselsettingseffekt hos fleire verksemder på ein gong
- Vektlegge konkrete resultat. ViS skal ha fokus på arbeidsplassar og næringsutvikling - ikkje stadutvikling med diffus næringsgevinst

Prosjektet har vorte forlenga utover opprinneleg prosjektperiode i samråd med fylkeskommunen. Dette gjeld då perioden 2018-2021. Prosjektet blei avslutta ved utgangen av 2021.

Arbeid med satsing på smoltanlegg og visningssenter/oppdrett har vore ei svært viktig satsing som Vekst i Stordal har vore delaktig i. I 2021 kjøpte Norsk Sjømat Holding AS aksjane til Fjord kommune i selskapet Stordal Aquaproduksjon AS. Det blei sett i gong detaljprosjektering av smoltanlegg, og det vart sett i gong reguleringsplan for uttak av grunnvatn.

I starten av 2022 har det dukka opp forhold som gjer vidare realisering usikkert. Dette er no ei sak som må handterast og vurderast av Stordal Aquaproduksjon AS sine eigarar.

Satsing på smoltanlegg og oppdrett har vore ei viktig satsing for Vekst i Stordal.

Andre aktivitetar i 2021:

- Tett dialog med fleire av dei etablerte verksemdene om vekst- og utviklingstiltak
- Oppfølging av nyetablerte verksemder
- Arbeid med ny strategisk næringsplan for Fjord kommune
- Dialog med verksemder som potensielt kan etablere seg i/flytte til Stordal

Organisering

Styringsgruppa for Vekst i Stordal har i 2021 hatt følgande medlemmar: Charles Tøsse (leiar) og Eva Hove. Det har vore 6 styremøte og 37 saker er handsama i 2021. Harald Espeland har vore tilsett som prosjektleiar i 40 %-stilling.



11.2 Fjordhagen AS

Fjordhagen AS får eit årleg tilskot frå næringsfondet i Fjord kommune til å drive framhjelp av næringslivet i kommunen. Dei arbeider etter måla som er sett i gjeldande strategiske næringsplanar, og har levert ein full rapport for kva ein har jobba med og kva resultat ein har oppnådd i 2021. Her er eit utdrag av denne:

11.2.1 Nyetableringar og vekst/nyskaping i eksisterande næringsliv

Førstelineteneste for eksisterande bedrifter

Fjordhagen AS har totalt rådgjeve 45 etablerte bedrifter (eldre enn 5 år). Det har både vore rådgjeving i strategisk utvikling, digitalisering og kopling av nettverk og finansiering i søknadsprosessar for utvikling, vekst og innovasjon. Mange av bedriftene har fått hjelp til å søkje midlar frå både Innovasjon Norge, næringsfondet og andre finansieringskjelder.

Førstelineteneste for nyetableringar – hoppid.no

Fjordhagen AS har totalt rådgjeve 40 bedrifter/gründerar i oppstartsfasen 0-5 år. Vi avklarar kva etablerar/bedrifta treng av rådgjeving, kompetanse, finansiering mm., rettleier i utarbeiding av forretningsmodell/plan og koplar etablerarar/bedrifter med relevant nettverk og samarbeidspartnarar. Mange av bedriftene har fått hjelp til å søkje midlar frå både Innovasjon Norge, næringsfondet og andre finansieringskjelder.

11.2.2 Grunnarbeid for næringsutvikling

Vedlikehald og utvikling av kompetanse- og finansieringsnettverket for gründerar og bedrifter i Fjord kommune.

Ein stor del av arbeidet som Fjordhagen med framhjelp av næringslivet i kommunen handlar om vedlikehald og utvikling av kompetanse- og finansieringsnettverket for gründerar og bedrifter i Fjord kommune. Dette handlar om deltaking på hoppid.no nettverkssamlingar, forvaltning av hoppid.no gründerstøtte, arrangere og marknadsføre kurs både i eigen regi og i hoppid.no-regi, arbeid i regionalt nettverk for næringsutvikling på Sunnmøre, kompetanseheving og sertifisering av rådgjevarar, oppfølging av Ungt Entreprenørskapsprogramma i grunnskulen, kopling av bedrifter i ulike samanhengar (styrekompetanse, mulege lokale underleverandørar), og løpande kontakt med alle viktige samarbeidsaktørar/verkemiddelapparatet.

Fjordhagen er også involvert i prosessar med tettstadutvikling, informasjon til klima- og miljøplan og planlegging av ny nettportal. I samband med Covid-19-pandemien har det i 2021 vore arbeidd med å få til møter mellom kommunen og næringslivet med tanke på smittevern og andre utfordringar, og halde seg oppdatert på ekstraordinære støtteordningar og kompensasjonsordningar.

Fange opp og initiere prosjekt for næring- og lokalsamfunnsutvikling

Fjordhagen har også ei rolle i å fange opp og få i gang samarbeidsprosjekt for næring- og lokalsamfunnsutvikling. Døme på prosjekt det har vore jobba med i 2021 er

- Tettstadutvikling Valldal, Eidsdal og Norddal
- Valldal – the Adventure Valley – omstillingsmidlar frå Innovasjon Norge
- VIEN matnettverk, eidsdal
- Regionalt partnerskap Sunnmøre – eige prosjekt i regi av ÅKP støtta av MRfylke
- Opplev Fjord nettportal
- Lokalmatsatsing torgboder Valldal
- Produktutvikling elsykkeltur Åndalsnes-Valldal
- Læringsatsing reiseliv støtta av MRfylke
- Cowork-prosjekt Stordal Lounge

11.2.3 Vertskapsfunksjon og elektronisk turistinformasjon

Ivaretaking av Fjord kommune sine forpliktelsar ihht. avtale med Destinasjon Ålesund-Sunnmøre

Fjordhagen AS er kontaktperson mellom kommunen og DÅS og har ansvaret for å gje DÅS oversikt over aktuelle reiselivsbedrifter i kommunen, legge til rette for næring- og produktutvikling i Fjord kommune og oppretthalde eit tilfredstillande system for innsamling og overføring av nødvendige oversikter over kommunen sine sjåverdigheiter, aktivitetar og øvrige publikumstilbod.

Fjordhagen har ansvaret for korrekturlesing av tekst på ikkje-kommersielle attraksjonar.

Drift og utvikling elektroniske infoskjermar

Elektroniske infoskjermar er eit spleiselag mellom kommunen og Fjord næringsforum der næringsforumsbedriftene betalar for system/drift av skjermar og kommunen gjennom Fjordhagen AS oppdaterer infoskjermane med innhald. Det er i dag 14 elektroniske info-skjermar kring på næringsforumsbedrifter i kommunen. Lag og organisasjonar får publisert sine plakatar gratis.

11.3 Næringsfondet

Fjord kommune sitt næringsfond er i hovudsak basert på årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalt av Tafjord Kraftproduksjon AS og Rauma Energi Produksjon AS, samt renter og anna avkastning. Totalt vart det innbetalt kr. 3.424.815,- i konsesjonsavgifter til næringsfondet i 2021. Disponering vert gjort gjennom den årlege budsjethandsaminga, der ein andel av den totale ramma vert disponert til bedriftsretta tiltak, som igjen er styrt av vedtekter og retningslinjer for næringsfondet. Desse vart første gong vedtekne i sak 18/20, og gjennom ei rullering i 2021 vart dei justerte vedtektene og retningslinjene vedtekne i K-sak 111/21. Vedtak: *Vedtekter og retningslinjer vert vedtekne med dei endringar som går fram av saka.*

I budsjettet for 2021 vart det sett av 1.324.815,- til fondsstyret til handsaming av søknadar frå næringslivet. I tillegg vart det sett av 800.000,- til ferdigstilling av breibandutbygginga. Denne utbygginga er no ferdigstilt i Fjord kommune.

Til saman handsama formannskapet 13 søknadar i 2021.

I tillegg til næringsfondet, fekk Fjord kommune gjennom fleire tildelingar tilført kompensasjonsmidlar i samband med covid-19 pandemien. Desse midlane vart utlyst, slik at næringslivet kunne søke. Gjennom saker framlagt for formannskapet vart desse midlane tildelt verksemder som vart særleg råka av pandemien. Samla sett har dette tilført lokalt næringsliv kr 1.358.000,- som kompensasjon for tapte inntekter gjennom pandemien. I tillegg har delar av næringslivet hatt høve til å søkje statlege kompensasjonsordningar, fleire har søkt og fått innvilga sine søknadar.

12 HELSE, OMSORG OG VELFERD

Omhandlar følgjande tenestemråde:

- Helsetenesta
 - Fysioterapi, ergoterapi
 - Psykiatri
 - Helsestasjon, jordmor
 - Legeteneste
 - Sosialteneste / NAV / Barnevern

- Omsorgstenesta
 - Institusjonsteneste
 - Bu- og habiliteringsteneste
 - Heimebaserte tenester
 - Aktivitetstilbod

Økonomisk resultat pr.eining HELSE	Rekneskap 2021	Årsbudsjett 2021	Meirforbruk (+) Mindreforbr. (-)
Felles admin. HPO	1 046 354	1 069 301	- 22 947
Forvaltning & koordinering	941 348	1 637 820	- 696 472
Kommuneoverlege	639 487	487 976	151 511
Fjord legekantor	7 531 695	6 459 501	1 072 194
Legevakt, ØHD,nødnett	2 783 506	3 100 000	- 316 494
Fjord helsestasjon	1 337 202	1 542 478	- 205 276
Psykiatri	1 291 140	1 349 867	- 58 727
Psykolog	-	611 771	- 611 771
Jordmor	287 371	345 454	- 58 083
Fysio-/Ergoterapi	2 136 129	2 386 392	- 250 263
Barnevern	2 735 275	3 500 000	- 764 725
Sosialtenesta-NAV	2 097 365	2 992 000	- 894 635
Sum	22 826 872	25 482 560	- 2 655 688

Økonomisk resultat pr.eining PLEIE OG OMSORG	Rekneskap 2021	Årsbudsjett 2021	Meirforbruk (+) Mindreforbr. (-)
Stordalstunet	13 697 184	13 320 487	376 697
Heimetenesta Stordal	2 183 733	2 592 290	- 408 557
Dagsenter demente	231 632	448 054	- 216 422
Valldal sjukeheim	21 396 584	22 057 844	- 661 260
Heimetenesta Nord	9 439 404	9 534 718	- 95 314
Heimetenesta Sør	5 489 991	5 085 723	404 268
Habilitering Stordal	10 616 738	7 571 957	3 044 781
Habilitering Valldal	12 244 780	11 141 051	1 103 729
Sum	75 300 046	71 752 124	3 547 922

Helse omsorg og velferd har også i 2021 vore prega av Covid19-pandemien. Det har blitt lagt ned mykje ressursar på smitteverntiltak, vaksinasjon og testregime. Helsepersonellet har gjennomført ein stor innsats. Det har vore krevjande å stå i denne situasjonen på andre året for personalet.

Rekruttering av helsepersonell er ei stor utfordring. Helsepersonell som sjukepleiarar og personell med fagbrev er utfordrande å skaffe til tenestene. Kommunepsykolog som er ei lovpålagt teneste har ein ikkje lukkast med å rekruttere. Det har blitt gjennomført fleire rekrutteringsforsøk både for Fjord kommune og i fellesskap med Stranda kommune og Muritunet. Rekruttering av legar har ein lukkast med og det tilsett vikarar for legar som skal ut i permisjon.

I 2021 har stillingane knytt til tildeling og koordinerande eining flytta frå Helseavdelinga til ei eiga eining direkte under kommunalsjef. Ergoterapi og Fysioterapistillinga vart også overført til denne eininga med verknad frå 01.01.2022. I tillegg vart det rekruttert ein prosjektleiar med ansvar for Helseplattformen og omstillingsprosjekt for god og effektiv nytting av sjukepleiekompetanse. Målet med denne eininga er å styrke arbeidet med tildeling og koordinering samt å gjere desse funksjonane meir robuste for fråvær og ein har auka kompetanse innanfor områda. Denne eininga har fått namnet Forvaltning, koordinering og utvikling.

Sjukefråvær hos tilsette i tenesteområdet utfordrar drifta i enkelte einingar, og dette vert det jobba spesielt med i enkelte avdelingar. Kommunen deltek i prosjektet HelseSamarbeid som har som mål å redusere sjukefråvær. Det er fortsett stor variasjon i sjukefråvær mellom dei ulike einingane.

Tenesteområdet har arbeidd med fleire prosjekt som har som mål å omstille drifta for å auke kvalitet og økonomisk berekraft for å møte auka behov i åra framover. Eksempel på dette er mellom anna kvalitetsreforma «Leve heile livet» og bruk av velferdsteknologi. Kommunen har gjennomført forprosjektet til Helseplattforma. Dette har kravd betydelege ressursar frå tenesteområdet.

12.1 Helseavdelinga

Kort skildring av verksemda

Helsetenesta skal gi innbyggjarane i kommunen nødvendig helsehjelp, både førebyggjande og kurativt.

Eininga omfattar helsestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste, legeteneste, psykisk helseteam, ergoterapeut, fysioterapeut, tenestekontor og koordinerande eining. Endring frå 01.03.2021.

Tenestene dekkjer heile Fjord kommune. Legane deltek også i interkommunal legevakt.

Bemanning	2018	2019	2020	2021
Antall tilsette	-	-	14	12
Antall årsverk	-	-	12,8	10,8

Kommentar til drifta 2021

Delar av eininga har hatt mykje ekstra arbeidsoppgåver med ansvar for pandemihandtering med testing, smittesporing, vaksinerings, koronatelefon, beredskapslager smittevernutstyr. Vi har opplevd godt samarbeid i eininga, på tvers av einingane i kommunen og med vikarar ekstrahjelp. Mange har stilt opp på overtidsarbeid, mange med fleire nøkkelroller i pandemihandteringa. Vi hadde heller ikkje klart å handtere dette utan ekstra og god hjelp frå studentar og pensjonistar. Frivillige har også stilt støttande opp. Vi står igjen med opplevinga av godt samarbeid gjennom eit hektisk år med stadig endringar i pandemiutviklinga og handtering. Vi har også drifta normale tenester. Vi er få og sårbare ved sjukdom og fråvær. Ikkje alltid mogeleg å få inn vikar på kort varsel.

Frå 01.03.2021 blei psykisk helse, ergoterapeut, fysioterapeut, tenestekontor og koordinerande eining organisert inn under Fjord helse. Prosjektgruppe blei satt for arbeid prosedyrer tenestefordeling i kommunen. Kort tid etter dette stod vi også med handtering av det første store smitteutbrotet i kommunen.

Eininga har vore prega av pandemihandtering også i 2021. Lite rom for forefallende arbeid som kvalitetssystem og prosedyrer.

Mål for verksemda 2022

Mål 1	Fortsette å yte gode helsetenester i Fjord kommune.
Mål 2	Fortsette å bygge team Fjord helse
Mål 3	Tilsette psykolog

Tiltak for å nå måla

- Ha nok personale for å drifte tenestene.
- Møtepunkt for tverrfagleg samarbeid, og sosiale samankomstar.
- Arbeide vidare med å rekruttere psykolog.

Utfordringar

- Helsehus avd. Stordal, spesielt 2. etg., ikkje tilfredsstillande lokale.
- Psykolog har vi ikkje lukkast å få på plass.

12.2 Helseforvaltning, koordinering og utvikling

Helseforvaltning og koordinering har to stillingar som sakshandsamarar. Sakshandsamarane har som oppgåve å utarbeide forvaltningsvedtak knytt til tenester etter helse og omsorgstenestelova. Kontoret er også Fjord kommune si koordinerande eining. Sakshandsaming av brukarbetaling er også lagt til kontoret. Kommunal fysioterapeut og ergoterapeut er knytt til eininga med verknad frå 01.01.2022.

Ressursar	2021
Antal årsverk admin.	2,0 ved utgangen av 2021
Antal årsverk fysioterapi	0,8
Antal årsverk ergoterapi	0,8 (heimel 1 årsverk)
Antal årsverk psykisk helseteneste	1,2

Fysioterapitenesta kan gje råd og rettleiing til dei med motoriske vanskar, muskel eller skjelettplager. Samt gje tilbod om behandling der dette er aktuelt.

Ergoterapeut skal gi rettleiing og bistand til personer i alle aldersgrupper som av ulike årsaker har eller står i fare for å få funksjonsnedsetjing. Ein går inn med førebyggjande tiltak der dette er nødvendig. Funksjonsvurdering, tilrettelegging, rettleiing og behandling av aktuelle problem, samt vurdere behov for hjelpemiddel.

Ei sentral oppgåve er og å gje råd og rettleiing til andre kommunale tenesteinstansar.

Psykisk helseteneste for vaksne gir hjelp og støtte til personar som har ein psykisk vanske. Tilbodet du får er individuelt tilpassa og avhengig av dine behov. Det kan vere:

- personleg oppfølging og støttesamtalar
- hjelp til å lage struktur i kvardagen og finne meningsfulle aktivitetar
- individuell plan, ansvarsgruppe og hjelp til å finne riktige tenester
- støtte til betring og meistring
- samarbeid med fastlege og andre hjelpeinstansar, medisinadministrering

12.3 Pleie og omsorg Stordal

Kort skildring av verksemda

Under «Pleie og omsorg Stordal» ligg dagsenter, heimesjukepleie, praktisk bistand som heimehjelp og Stordalstunet med institusjonskjøkken.



Kommentar til drifta i 2021

Drifta for pleie og omsorg Stordal er prega av eit godt samarbeid på tvers av tenestene. Både Stordalstunet og heimesjukepleia har varierende belegg og arbeidsmengde, og det er ein god kultur å hjelpe kvarandre. Dette ser vi har blitt meir utfordrande i forhold til tiltak i samband med pandemi og smittevern. Det har vore eit forholdsvis lavt sjukefråver gjennom 2021 fram til oktober, på slutten av året har vi hatt fleire langtidsjukmeldte og med lite tilgjengelege vikarar har dette medført eit

forbruk av overtid på lønn ved innleige av arbeidskraft. For nokre sjukemelde har det vore mogleg å tilrettelegge arbeidet. Det er ønske om å samarbeide meir på tvers av einingane for å tilrettelegge betre for den sjukmeldte.

Heimetenesta gir hjelp og veiledning til den som har behov av pleie og omsorg i eigen heim, samt medisinsk behandling i nært samarbeid med lege. Heimetenesta arbeider med å legge til rette for at heimebuande skal kunne bu heime lengst mogleg. I første halvdel av 2021 var drifta prega av vakanse i turnus og i samband med dette måtte vi leige inn vikarar. Med bakgrunn i lite tilgjengelege vikarar førte dette også til eit forbruk av overtid. Ved utarbeiding av ny driftsturnus og tilsetjingar i vakante stillingar blei det siste halvår meir stabilt. I Heimetenesta blei det auka bemanning i Heimetenesta 1 – 2 dagar i veka og ser at sjukepleiefaglege oppgåver som tidlegare har vore utfordrande å få utført med bakgrunn i auka arbeidsmengde fungerer bra no. Tenesta har i periodar behov for bemanning på natt, i desse periodane har nattevaktene ved Stordalstunet samarbeid med nattevakter frå Bu/hab. Stordal for å løyse tilsyna. Vi ser det er eit auka behov for tilsyn der brukaren har behov for hjelp på natt og behov for bemanning. Med eit godt samarbeid mellom tenestene/bemanning på natt og bruk av velferdsteknologi som digitale tilsyn, ser vi at desse brukarane vil få høve til å bu lenger heime i sin eigen bustad.

Stordalstunet har 19 plassar tilgjengeleg der 6 av plassane er på avdeling for demente, 8 langtidsopphald og 5 korttidsopphald. Institusjonen er ein varig heim for den sjuke og eldre med svekka helse, redusert førlegheit og eit omfattande hjelpebehov til brukarar som får tildelt langtidsplass. Korttidsopphold bidreg til kartlegging, vurdering og oppfølging av brukar si omsorgsevne. Ved Stordalstunet har vi hatt varierende belegg frå 14 brukarar til 18 brukarar. Det har vore periodar med stor arbeidsmengde sjølv om det har vore ledige plassar, og det har vore behov for å bemanne opp ein del til enkelte brukarar i periodar. Vi har eit høgt forbruk på innkjøp av medisinar, bakgrunnen for forbruket er at fleire av brukarane har behov for å bli behandla med kostbar medisin.

Det har vore vakanse i sjukepleiestilling frå mars til juni, og i den perioden hatt eit forbruk på å dekke innleige vakant som igjen har ført til forbruk av overtid og behov for bakvakt. I ferieavviklinga har det vore utfordrande å rekruttere fagkompetanse og det blei bestemt å bruke vikarbyrå.

Drifta på institusjonskjøkkenet er god. Det er ei trivselsframmande ordning for bebuarane på institusjonen og til brukarar som er tildelt middagsombringning i heimetenesta. Tenestene har fokus på brukarmedverknad til ønska til den einskilde brukar i samband med tenesteutøving. Enkelte brukarar som har tildelt middagsombringning synes det er ei god ordning å kome til Stordalstunet å ete middagen og sete ilag med brukarane der.

Dagsenteret gir tilbod om dagopphald for eldre heimebuande med kognitiv svikt/demens. Formålet med tilbodet er å støtte brukarane slik at dei oppleve ein meningsfylt kvardag, sosialt samvær, trivsel og trygghet. Tilbodet er og eit avlastningstiltak for pårørande med store omsorgsoppgåver. Dagsenteret har i 2021 vore lokalisert til «Aktivitetsstova» på sjukeheimen i Valldal, med tilbod ein gong i veka. Drifta av Dagsenteret er vidareført slik som tidlegare drift i Valldal. Det er no satt inn fast bemanning og personal i turnus som det er sett av midlar til i budsjettet. Tidlegare utfordringar angående transport til brukarar er no løyst etter innkjøp av ny bil. Det er ønske om å auke tilbodet med fleire dagar og utvide gruppa slik ein kan førebygge behov for avlastningsplassar og korttidsopphald. Vi ønsker at Dagsenteret skal vere ein stad der du får sosialt samvær, rehabilitering/habilitering, trening i aktivitetar til dagleglivet og ulike andre aktivitetar tilpasset den enkelte mulighet og ønske.

12.4 Pleie og omsorg Valldal

Kort skildring av Verksemda : Valldal sjukeheim: 28 Plassar, 8 på skjerma eining , 1 palliativplass , 5 kortidsplassar og 15 langtids plassar. Vi har og hatt brukarar inne på avlastning, slik at pårørande kan hente seg inn og klarer å ivareta brukaren i heimen litt lengre.

Heimetenesta nord har ei avdeling som ligg i Valldal, her har ein 12 bemanna omsorgsbustader. Bemanninga er 24/7 , 3 psykiatribustadar og 3 omsorgsbustader .

Heimetenesta sør ligg i Eidsdal med 12 bemanna omsorgsbustader og 2 psykiatribustadar . Ved bustadane i Eidsdal kan personalet vere på utrykning på bygda og dei er såleis ikkje bemanna 24/7.

Vi har kjøkken med 4 årsverk, som leverer mat til alle 5 bygdene i tidlegare Norddal kommune. Det er matlevering til Eidsdal x 3 pr veke. Tørrmat vert servert og delvis laga til av personelet på avdelingane. Det å ha kjøkken på institusjonen gjer at pasientane får ønske og tilrettelagt kostholdet sitt. Vi har middagslevering til heimebuande som har behov for dette. Dette er personar som på grunn av sjukdom, alder eller andre åraker ikkje er istand til å ivareta ernæringsbehovet sitt.

Teneste tilbodet : Ein kartlegg kva som er viktig for den enkelte. Målet er at ein skal få behalde eigne ressursar lengst mogleg og oppretthalde sjølvstende for eige liv. Ein ivaretek integriteten og verdigheta til den enkelte. Vi har begrensa tilgang til fagpersonar, dette har vore ei utfordring. Men vi har likevel klart å gjennomføre avansert behandling av brukarar i eigen heim. Samarbeidet på tvers av tenestene er god. Vi har og eit rom i omsorgsbustaden i Valldal der personar som treng intravenøs behandling kan kome å få dette slik ein slepp å reise inn til sjukehuset

Vi har heimehjelpstilbod og støttekontakt. Det er utfordringar å få personar til desse jobbane.

Året starta med mykje optimisme og spenning over at pandemien var på veg ned, men den gong ei. Det vart framleis stengt institusjon – dei eldre fekk ikkje ta imot besøk. Dette har vore krevjande også i 2021. Heldigvis for vart det åpna opp på slutten av året og ein kunne få besøk og dei som bur her fekk ei jul der dei kunne ha besøk av sine😊

Uteområdet vert meir brukt, dette har vorte eit område til glede for dei som bur her – frivillige og pårørande held hagen i hevd - ei stor takk til dei.

Vi har frivillige som kjem inn i institusjonen og har underhaldning, det har vore mykje begrensingar på kor mange som kunne kome og når dei kunne kome, men det har vore til stor glede for dei som bur her. Spesielt i Eidsdal er ein flink til dette og ein må berømme alle frivillige som stiller opp.

Vi hadde tilsyn frå Statsforvaltaren angående tvungen somatisk helsehjelp i november. Dette var eit tilsyn for begge institusjonane i Fjord Kommune. Ein avdekka ein del avvik som vi no er iferd med å lukke. Tilsynet bidrog til at personalet vart meir bevist innan dette temaet.

Tilsette og brukarar fekk 3 dosen av corona vaksine – det er nokre tilsette som ikkje ynskjer vaksine og vi har og nokre brukarar som ikkje er vaksinert, etter eige ynskje.

Alle tilsette som har redusert stilling fekk tilbod om å auke stillinga si, og alle som ønskja auke fekk tilbod om dette.

Utfordringar: Den største utfordringa er mangel på kvalifisert personell. Vi har også dette året hatt tilgang på studentar som har vore heime og pensjonistar som stillar opp. Det har «redda» oss mange gonger. Det å gå underbemanna og utan fag slit på personalet. Vi har hatt pasientar som trengte

ekstra ressurser – dette kan vere krevjande både for personalet og dei andre som bur på institusjonen. Dette ser vi igjen på overforbruk på budsjett, og vi kunne ikkje handtert dete annleis.

Ein har og utfordringa med at ein har ein eldre arbeidstokk og mange blir snart pensjonistar.

Sjuefråvær hos tilsette er og ei stor utfordring, særskild på ei avdeling ser ein eit stort forbruk av overtid og bruk av vikarbyrå for å dekke opp med fagkompetanse.

Vi har mange som har fulle stillingar noko som gjer at det utløyser overtid om ein treng ekstra personell.

Det er viktig å understreke, at våre tilsette har vore svært flinke og velvillige til å stille opp i coronatida!

Måloppnåing: Vi har blitt gode på teknologi, og dette kjem pasientane/ brukarane til gode. Vi ynskjer å bidra til at nødvendige endringar vert gjennomført, slik det kan sikre god og lik pleie og omsorgstilbod til alle i Fjord kommune. Vi har pr d.d full sjukepleie dekning på Valldal sjukeheim.



12.5 Buhabilitering

Bu-og habilitering i Fjord kommune gir praktisk hjelp, personleg hjelp og målretta miljøarbeid i heimen for menneske med psykisk og fysisk funksjonsnedsetting. Vi ivaretek den enkelte sitt behov for heilheitleg omsorg, ernæring, behandling og miljøarbeid. Vi sikrar tenestetilbodet sin kvalitet med fokus på trivsel og tryggleik for menneske som treng oppfølging og hjelp, tilrettelegg for ein aktiv og sosial kvardag, førebyggjande og behandlande tiltak, samt bruk av tilgjengeleg velferdsteknologi. Viktige mål er å førebygge einsemd, bidra til at brukarane kan føle meistring i kvardagen og legge til rette for eit meir aktivt liv.

Brukarmedverknad og samarbeid med pårørande er sentralt. Vi har pr i dag 11 brukarar som får heildøgntilbod, 2 som har BPA, samt 9 andre som mottek ei form for teneste frå oss.

Bemanning	2021	2020
Antal tilsette, årsverk	31,92	31,10
Antal brukarar	22	20
Antal vedtak/saker	54	47

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Den største utfordringa for drifta i 2021 har vore høgt sjukefråvær på ei av avdelingane, og i koronatida har dette vorte ekstra utfordrande med mange ute i periodar med symptom. Det å få vaktene sine forskyvd og få pålagt overtid over ein lang periode gjer at det blir sårbart og mykje sjukmeldingar. Her er det størst overforbruk på budsjett. Elles kom det to nye brukarar i heildøgnsbustad som har ført til auka ressursbruk ifht budsjett.

Mål for verksemda 2021

Mål 1	Individuell tilrettelegging, auka livskvalitet og brukarmedverknad.
Mål 2	Utnytte tildelt ressursar på best mogleg måte, unngå overtid så langt det er råd.
Mål 3	Overgang frå to kvilande nattevakter til ei aktiv.

Tiltak for å nå måla: Med å gå frå to kvilande til ei aktiv nattevakt vil 0,5 stilling sparast inn. Ny godkjent turnus og mindre vakante stillingar, sjukefråver ned og trivsel opp. Dei som har ønska høgare stilling har gjennom internutlysing fått dette, sikrar drifta på ein betre måte. Tilkallingsvikarar faste helgestillingar, fordeling av fagfolk og kompetanse i tenesta. Stabilitet og sikkerheit betre.

Måloppnåing kommentar: Individuell tilrettelegging i stor utstrekning gjennomført for å få ned sjukefråveret. Arbeider aktivt med arbeidsmiljø, samarbeid mellom avdelingane positivt, mykje å lære av kvarandre, samt fordeling av kompetanse. Langvaktturnus innført også på avdeling Stordal frå oktober 2021, svært gode erfaringar i avdeling Valldal med kraftig nedgang i sjukefråver. Forventar å sjå resultat av dette mot siste halvdel av 2022. Ingen vakante stillingar, alle som har ønska høgare stillingar har fått dette.



13 TEKNISK, LANDBRUK OG MILJØ

Teknisk, Landbruk og Miljø (TLM) i Fjord kommune er lokalisert i kommunehuset i Stordal, og er samansett av tre avdelingar; plan og miljø, bygg- og kommunalteknikk og reinhald.

TLM har ei eiga avdeling for reinhald knytt til alle kommunale bygningar. Ansvarsområdet strekkjer seg frå dagleg reinhald og vaskeriteneste for helseinstitusjonane, samt periodisk reinhald og golvbehandling i dei ulike bygga. Leiar for avdelinga har vore leia av kommunalsjef.

Stadig nye myndigheitskrav påverkar «ramma» vi styrer etter og får betydning for både drifts- og forvaltningsoppgåver.

TLM har vore involvert i fleire spennande oppgåver for dette året. Tettstadprosjektet med Syltetorget, utarbeiding av energi-og klimaplan, planarbeid knytt til Hofseth sitt anlegg i Raudbergvika, planlegging av brannstasjon og helsebygg, samt gjennomføring av ein del investeringsprosjekt nemnast. Vi har strekt oss etter å løyse oppgåvene på ein god måte, og det er fokus på god dialog med overordna, kommune, fylkeskommune, statsforvaltar og andre instansar.

Ny driftsform og nye oppgåver har hatt fokus. Det har vore innført nytt sakshandsamingssystem knytt til plan, byggesak og oppmåling. Digitalisering og elektronisk sikring av informasjon knytt til bygg, bruer, vegar, VA anlegg m.m er ei oppgåve vi så vidt har begynt på. Kartlegging av leidningsnett vil truleg ta fleire år, men vi er godt i gang.

TLM har eit utfordrande bilete knytt til rekruttering, og gjennom året hatt fleire vakansar for kortare eler lengre periodar. Generasjonsskiftet er tydeleg, og vi har ei rekke stillingar som vil gå ut med pensjon innan kort tid, innanfor alle områda i TLM. Fleire av desse har vore tilsett i organisasjonen i lang tid, og tek med seg mykje kunnskap når dei går av. Det må arbeidast målretta med rekruttering og kompetanseoverføring.

Økonomisk resultat pr.eining	Rekneskap	Årsbudsjett	Meirforbruk (+)
TEKNISK, LANDBRUK OG MILJØ	2021	2021	Mindreforbr. (-)
Felles admin.TLM	938 509	1 118 542	- 180 033
Bygg og komm.teknikk	1 785 678	2 047 369	- 261 691
Teknisk drift, vedlikehald	2 443 725	1 180 628	1 263 097
Felles ansvar maskinpark	- 2	573 000	- 573 002
Kommunale vegar, gatelys	7 415 244	4 573 400	2 841 844
Off.områder, park, kai	1 580 735	95 000	1 485 735
Plan,byggesak,oppmåling	1 795 411	2 189 804	- 394 393
Landbruk,skog,miljø	1 361 154	1 418 797	- 57 643
Jakt og vilt	112 726	137 650	- 24 924
Brannvern	4 792 069	7 000 000	- 2 207 931
Renovasjon	- 125 772	-	- 125 772
Vatn	- 1 372 884	-	- 1 372 884
Avløp	- 1 189 612	-	- 1 189 612
Slam	84 054	-	84 054
Feiing	- 360	-	- 360
Mynd.utøvelse Forurensingslova	22 678	-	22 678
Fjernvarme,distr.nett	- 652 660	380 000	- 1 032 660
Sum	18 990 693	20 714 190	- 1 723 497
Reinhald komm.bygningar	7 414 635	6 713 277	701 358
Skulebygg, barnehagar	2 964 956	2 411 000	553 956
Idrettshallar, kulturbygg	702 739	880 000	- 177 261
Admin-,forr.bygg,utleigebygg	1 476 406	1 600 200	- 123 794
Lager-,service-,oa.bygg	- 957 230	- 434 098	- 523 132
Sjukeheimar,omsorgsbustadar	2 717 819	2 519 500	198 319
Sum eigedomsdrift	14 319 325	13 689 879	629 446

Sjølvkost

I tabellen ovanfor går alle sjølvkostområda (VAR,slam,feiing,mynd.utøving Forurensingslova) med eit mindreforbruk. Det er utarbeida rettleiing for korleis bokføringa kring sjølvkostberekningane skal/bør gjennomførast. Kommunen har eige sjølvkostrekneskap som blir utarbeida i samarbeid med Envidan AS, der sjølvkostområda blir regulert ved hjelp av avsetnad eller bruk av fond. Status for dei einskilde sjølvkostområda er spesifisert i note.

Mindreforbruk

Av mindreforbruket på 6,4 mill.utgjer sjølvkostområda 5,6 mill. Dei vesentlegaste avvika er kommentert nærare under «Vesentlege avvik – drift» **punkt 16 og 17, side 11.**

13.1 Bygg og kommunalteknikk

Kort skildring av verksemda

Avdelinga har slikt hovedansvarsområde.

- Drift/vedlikehald kommunale bygningar
- Kommunale vegar (inkl. brøyting, strøing, bruer, gatelys og stikkrenner)
- Offentlege plassar, grøntområde, kaier
- Drift av Tafjordbadet
- Vatn og avløp (renseanlegg, pumpestasjonar og ledningsnett)
- Ledningskart
- Slamtømming
- Renovasjonstenester i samarbeid med Årim
- Utsleppsaker
- Kommunale køyretøy
- Oppfølging av investeringsprosjekt

Kommentar til drifta frå einingsleiar

For 2021 ser ein effekt av samanslåing av driftsavdelingane. Nyting av menneskap, utstyr og kunnskap på tvers av gamle kommunegrenser har vore positivt.

Eininga arbeider fortsatt i alt for stor grad etter manuelle system. Det er sett i gang eit arbeid for auka digitalisering/systematisering for avdelinga sine ansvarsoppgåver. Viktig at dette blir arbeid vidare med.

I tillegg til ordinær drift, har det vore arbeid med gjennomføring og planlegging av investeringsprosjekt. Nemner særleg planlegging brannstasjon og utredningar helsebygg, oppgradering servicebygg på Sylte, området ved statue av møbelarbeideren i Stordal, vatn- og avløpsanlegg i hyttefelt på Overøye, SD-anlegg for Valldal og Myklebust vassverk, Hjellevgen, asfaltering Eidevegen, Vinjehjellane og Seljebotsvegen, opparbeiding av ny parkeringsplass på Rønneberg, opparbeiding av nye avfallsbrønner på Overøye i samarbeid med ÅRIM. Etter måling av for høge grenseverdier for radon var der installert radonbrønner ved Dalsbygda barnehage, Sagatun og Valldal skule. Det vart montert nytt betalingsystem for kommunale toalett i Valldal og Eidsdal.

Premisser/måloppnåing

- Budsjettet for 2021 har kun rom for nødvendige driftsoppgåver. Lite rom for større vedlikehaldsoppgåver. Dette gjeld både for bygningsdrift og vegar, bruer, grøntområder.
- Løysing av lovpålagde tilsynsoppgåver har hatt prioritet, og såleis gått føre ein del vedlikehaldsoppgåver.
- Budsjetterte investeringsprosjekt. Stilling som prosjektleiar var vakant store delar av året og har hatt betydning for gjennomføringsevne.

13.2 Plan og miljø

Kort skildring av verksemda

- Rådgjeving, forvaltning og handsaming av saker etter plan- og bygningslova og anna lovverk
- Landbruksrelaterte oppgåver og tenester
- Oppmåling, kart og matrikkel
- Prosjektarbeid, stadutvikling, areal- og samfunnsplanlegging.


Kommentar til drifta i 2021

Det har gjennom året 2021 vore endringar i høve til personale og kapasitet på visse fagområde. To tilsette på avdelinga har endra stilling ved at det er oppretta ei ny stilling innan plan og utvikling som vert bemanna 20 % dei neste to åra og det vart tilsett ny leiar, i tillegg vart det tilsett ein ny planleggar.

Det har på landbruk vore fokus på lovpålagte oppgåver grunna redusert kapasitet gjennom året, enkelte oppgåver har måtte vente på seg. Innan miljø og klima er det lagt ned betydeleg arbeid i Energi og klimaplanen, samt klimabudsjett, då kommunen ønskjer setje fokus på klimaarbeidet i kommunen. Tross endringar og nyttilsetting innanfor planområdet har det vore god framgang i prosjekt, og det kan spesielt nemnast arbeid med digitalt planregister, detaljregulering Stordal brannstasjon, kommuneplanen sin samfunnsdel og tettstadprosjektet på Sylte. Kartverket gjennomførte hausten 2021 tilsyn med kommunen sitt arbeid etter matrikelova. Det var avdekka to avvik som avdelinga jobbar systematisk med for å lukke.

Premisser/måloppnåing

Mål 1	Framstå som løysingsorientert, med lav saksbehandlingstid.
	Saksbehandlingstida på avdelinga held seg i stor grad innafor lovpålagte fristar, sjølv om det er rom for forbetring spesielt i kompliserte saker og saker som treng behandling etter fleire lovverk av ulike saksbehandlarar. For god måloppnåing er det naudsynt med tilstrekkeleg kapasitet på avdelinga slik at saksbehandlarar kan kome med rettleiing og rådgjeving i tidleg fase.
Mål 2	Auke sjølvhjelpsgraden ved at innbyggjarar kan få meir av det dei treng på heimesida utan å måtte kontakte kommunen.
	Heimesida har vore oppdatert og utfylt i fleire omgangar ila året for å auke sjølvhjelpsgraden. Det har også vore mykje arbeid lagt inn i å få opp det digitale planregisteret. Dette er eit kontinuerleg arbeid og vi er ikkje i mål, men det er forbetring.
Mål 3	Meir digitalisert søknads- og behandlingsprosess, spesielt for byggesak.
	Modulen Acos Eiendom er teke i bruk for saksbehandling innan plan, byggesak og oppmåling. Ein opplever at det er med å sikre betre rutinar og oversikt, samstundes som det har kravd tid å ta i bruk det nye verktøyet og justere modulane til vår verksemd.



13.3 Brann og redning

Fjord har brannstasjon i Eidsdal, Valldal og Stordal med tilsaman 48 brannmannskap og har vore organisert under brannsjef.

Først var planen, etter at Det interkommunale brannvernet vart lagt ned pr. 01.01.2020, at Fjord skulle gå inn i eit samarbeid med Ålesund (vertskommunemodellen) våren 2020, men dette vart utsett for at det skulle arbeidast med fleire alternativ om eventuell samhandling med nærliggande kommuner.

Det var fleire møter på rådmannsnivå både med Stranda og Sykkylven, som begge i prinsippet var positive til samarbeid.

Det vart vedtak i kommunestyra både i Stranda og Fjord om ein samarbeidsavtale for brann og redning, der det vert felles brannsjef, brannmester og branninspektør. Mannskap, brannbilar/utstyr og brannstasjoner er den enkelte kommune sitt ansvar.

Målet var å få dette felleskapet til å fungere pr. 01.01.2022, men det vart utsett til 01.05.2022.

På grunn av korona vart øvingane for mannskapet oppdelt i grupper og med oppmøte til ulike tider, noko som

fungerte bra i praksis og kan vere ein øvingsmåte framover, sjølv om øvingskvelden då vert lang. Røykdykkarane har hatt sine øvingar og varmøving samt gjennomført medisinsk- og fysisk test gjennom bedriftshelsetenesta (Medi3).

Brannøvinga har vi gjennomført i eigen regi ved at Ove Indreeide vart mellombels tilsett i prosentstilling

for å hjelpe med planlegging/gjennomføring av brannøvingane/ekstraøvingane.

Alt mannskap har gjennomført retrening som Akutthjelpar; gjennomføring i grupper på brannstasjonane (i Stordal på kommunestyresalen).

Alt røykdykkarutstyr på alle stasjonane har hatt kontroll; til røykdykkarane i Stordal vart innkjøpt nytt utstyr.

Kjettingar, slinger, tauverk, stopper mv. på alle bilar/stasjonar har hatt sitt årlege tilsyn/klassing. Brannbilane har hatt naudsynt EU-kontroll også dette året.

Då det hydrauliske redningsutstyret etter å ha vore brukt i over 20 år svikta under øving, vart det er kjøpt inn nytt batteridrive redningsutstyr til Stordal.

Dokumenta og grunnlaget for å lyse ut bygging av brannstasjon i Stordal som totalentreprise vart utarbeidd etter reglane for offentleg innkjøp. Då fristen for tilbud var ute, låg føre fire litt ulike forslag til ny brannstasjon og med stor sprik i kostnader.

Med i planane for brannstasjon var også eit frittstående lagerbygg for å få under tak både utstyr til brann/redning og teknisk drift.

Det er nedsett ei gruppe med byggeleiar (innleige), to frå brannmannskapet, kommunalsjef/teknisk sjef og brannsjef for å ta seg av byggherresida for gjennomføring av stasjonsbygginga opp mot entreprenøren og kome med forslag til innreiing og innkjøp av utstyr/innbo mv.

Bygginga av brannstasjonen starta først våren 2022 etter ein innsparingsrunde der mellom anna lagerbygget fall ut. Brannstasjonen er forventa ferdigstilt primo 2023.

I høve tunellen som Møre og Romsdal fylket har under bygging mellom Indreeide og Korsmyra har det vore fleire møter om kravet til slokkevatn.

Her ligg no føre ein avtale mellom fylket og Stranda samt Fjord om innkjøp av brannbilar med tank-/skumkapasitet/røykdykkarstolar osv.

Det er oppretta ei eiga gruppe med stasjonsansvarleg Eidsdal brannstasjon og brannsjefane for å kravspesifisere bilane med tanke på å legge ut for offentlege innkjøp. Fylket vil stå for innkjøp av ein brannbil til Geiranger og ein til Eidsdal med forventa levering medio 2023.

Fjord lyste ut stilling som feiar/brannforebyggjar og var så heldige få tilsett Eirin (bur i Ålesund). Ho har opplæringskontrakt med Stranda kommune, feievesenet, som er godkjent lærebedrift. Saman med feiararne i Stranda har det vorte gjennomført feiing av bustadhusa i Tafjord, Fjørå og delar av Valldal. Feiing av fritidshusa i Fjord (om lag 800 i talet) vil truleg ta til i løpet av 2022.

13.4 Reinhold

Ansvarsområdet strekkjer seg frå dagleg reinhold og vaskeriteneste for helseinstitusjonane, samt periodisk reinhold og golvbehandling i dei ulike bygga.

Kort skildring av verksemda

- Reinhold er ei avdeling i teknisk, landbruk og miljø, som vert styrt av koordinator i 60 % stilling med støtte frå komunalsjef/personalsjef
- Reinholdet vert utført i skular barnehagar, institusjonar, administrasjon- og helsebygg. Vi har også reinhold i næringshagen, i aktivitetssenteret sine lokaler og i servicebygg med offentlege toalett.
- Reinhold står for innkjøp til alle bygg innan forbruksmateriell, reinhaldsartiklar, tørk mm. Det er ein merkbar auke etter pandemien. I 2021 har ein bytta ut dispenserar på fleire lokasjonar der produkta er billigare, men like god kvalitet.

Kommentar til drifta frå einingsleiar

Nokre av areala vi reingjer er lagt inn i reinhaldsplanar slik at vi reingjer etter avtalt frekvens og kvalitetsnivå. Andre områder vert reingjort etter fleire års erfaring, og med god dialog ute i

einingane. Ein har ferdigstilt reinhaldsplanane for alle einingane og koordinator har vore rundt for kontroll av bruk av utstyr og forbruksvarer.

Utfordrande å kome til, og gjere reinhald på ein rask og effektiv måte i lokalitetar som skular og barnehagar. Betre planlegging hjelper på, og med ekstra utfordringar knytt til Covid-19, er det heilt nødvendig med koordinering ute i eininga. Det er vist stor vilje frå dei ulike einingane til samhandling.

Premisser/måloppnåing

Auka behov for personale til reinhald er synleggjort etter gjennomgang av reinhaldsplanar, og dei nye krava til reinhald under pandemien. Spesielt i helseinstitusjonar har behovet vorte synleg, og då innan vaskerifunksjonen der det har vore budsjettert med for liten ressurs.

Dette behovet er no delvis løyst med vikariat, og tilbod om auka stilling slik at vi kan halde på kompetansen i avdelinga.

Det er svært få søkjarar til stillingar på reinhald, og vi har også svært unge arbeidstakarar. Snittalder i reinhaldsavdelinga er høg, og ein må ha gode styringsdokument i form av reinhaldsplanar, arbeidsbeskrivingar og opplæringsplanar klar til neste generasjon. I kommunen har ein i dag 5 tilsette med fagbrev i faget og ein må sjå om det er aktuelt å utdanne eigen tilsette til å ta vidareutdanning på området for å auke kompetansen. Ein stor del av kunnskap og erfaring ligg no til kvar enkelt reinhaldar, og lite er skriftleggjort.

Opplæring i bruk av maskiner, nytt utstyr og metodar har hatt fokus i reinhaldsavdelinga i 2021. Dei lovpålagde oppgåvene innan reinhaldsavdelinga har prioritet.